

Forholdet mellom tematiske roller og syntaktiske funksjonar i norrønt, jamført med tysk og islandsk¹

I denne artikkelen presenterer eg ein analyse av transitive verb i dei tre germanske språka norrønt, islandsk og tysk. Følgjande to problemstillingar vil stå i fokus:

- Kva er forholdet mellom tematiske roller og syntaktiske funksjonar ved transitive verb i norrønt?
- Korleis kan ein gjøre greie for skilnader mellom norrønt, islandsk og tysk som gjeld nettopp forholdet mellom rolle og funksjon?

Analysen av norrønt vil få vesentleg større plass enn analysen av islandsk og tysk.

Norrønt, islandsk og tysk viser store morfologiske likskapar når det gjeld transitive verb, som i alle tre språka tar objekt i ulike kasus. På den andre sida finn me ein del syntaktiske skilnader, særleg mellom islandsk på ei side og norrønt og tysk på den andre. Desse skilnadene vil nedanfor bli sett som ei følgje av at kasus på nominale argument har ulik funksjon i norrønt, islandsk og tysk.

Den teoretiske ramma for artikkelen er ei nyare utvikling innanfor Leksikalsk Funksjonell Grammatikk (LFG), "Lexical Mapping Theory", som eg vel å kalle teorien om leksikalsk assosiering (TLA) på norsk.

¹ Takk til Kirsti Koch Christensen, Helge Lødrup, Kjartan G. Ottósson og Ingebjørg Tonne for kommentarar til tidlegare versjonar av denne artikkelen. Materiale frå artikkelen har også vore presentert på eit hovudfagsseminar i norrøn syntaks, som eg heldt ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo, våren 1993, og på "Arbeidsseminar i syntaks", Det Historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo, hausten 1993. Artikkelen har også profitert på dei svært grundige kommentarane og endringsforslaga til ANF-redaktør Christer Platzack. Ansvar for feil og manglar er sjølvsagt mitt.

Artikkelen har 6 hovudavsnitt: Avsnitt 1 gir eit oversyn over relevante data og presenterer sentrale problemstillingar; avsnitt 2 presenterer teorien om leksikalsk assosiering; avsnitt 3 er ei drøfting av eit problematisk aspekt ved TLA som har direkte relevans for sentrale problemstillingar i dette arbeidet. Avsnitt 4 presenterer analysar av transitive verb i norrønt. Avsnitt 5 tar utgangspunkt i ein alternativ analyse av tysk og islandsk. Det blir vist at denne analysen møter problem med norrøne data, problem som kan løysast innanfor min analyse. Det sjette og siste avsnittet oppsummerer resultatata frå analysen.

1 Presentasjon av data

1.1 Norrønt

Transitive verb i norrønt fell i to hovudgrupper, monotransitive verb, som tar eitt objekt, jf. (1), og ditransitive verb, som tar to objekt, jf. (2).

(1)

- a. Þá skar Rognvaldr jarl hár hans. (HKI 130.11)
Dá skar Ragnvald Jarl-NOM háret-AKK hans
- b. Hon fagnaði vel skáldunum. (HKII 116.5)
ho-NOM helsa vel skaldane-DAT
- c. Hon gat Óláfs. (HKII 136.13)
Ho-NOM nemnde Olav-GEN

(2)

- a. (...) skipaði konungr hana hraustum drengjum. (Fritzner 1973/III: 335)
(...) skipa konge-NOM henne-AKK (med) djerve menn-DAT
- b. Þórir eggjaði hann (...) þessar ferðar. (Nygaard 1905: 145)
Tore-NOM eggja han-AKK (...) denne ferda-GEN
- c. Hann hafði (...) veitt Óláfi konungi lið. (HKII 95.10–11)
han-NOM hadde gitt Olav konge-DAT hjelp-AKK
- d. Konungr játti henni þessu. (HKI 266.14–15)
konge-NOM tillot henne-DAT dette-DAT
- e. Hann skyldi afla sér himneskrar dyrðar. (BJS 60.12–13)
han-NOM skulle skaffe seg-DAT himmelsk ære-GEN
- f. (...) konungr (...) hjó hann banahogg. (HKI 118.21)
(...) kongen hogg han-AKK banehogg-AKK

Monotransitive verb tar objekt i akkusativ, dativ eller genitiv, mens

ditransitive verb viser seks ulike kombinasjonar av desse tre kasusa på dei to objekta.

Skilnaden mellom akkusativ på den eine sida og dativ og genitiv på den andre sida blir ofte referert til ved termane STRUKTURELL og LEKSIKALSK (eller idiosynkratisk) kasus. Dativ og genitiv kasus på objekt blir rekna som leksikalsk kasus, der det styrande verbet i kvart tilfelle avgjør kasus. Strukturell kasus er nominativ kasus på subjekt og akkusativ kasus på direkte objekt (sjå Zaenen et al. 1990: 115f.,² Anderson 1992: 118ff.).

Skiljet mellom strukturell og leksikalsk kasus har relevans for mange språk. I islandsk har for eksempel aktivsetningar med monotransitive verb to ulike passivtypar, avhengig av om aktivobjektet har strukturell eller leksikalsk kasus. Dei islandske passivsetningane i (3) illustrerer denne skilnaden.

(3)

- a. Þeir voru slegnir.
dei-NOM blei slåtte
- b. Þeim var hjálpað.
dei-DAT blei hjelpte
- c. Hennar var saknað.
ho-GEN blei sakna

(3a) har passiv av eit verb som tar akkusativobjekt; dette svarar til passivsubjektet, som står i nominativ. I (3b–c) svarar dei oblike subjekta,³ *þeim* og *hennar*, til aktivobjekt i dativ (3b) og genitiv (3c). Objekt med leksikalsk kasus held altså på kasus når dei blir subjekt i passiv, mens dette ikkje skjer med objekt med strukturell kasus.⁴

² Strukturell kasus blir hos Zaenen et al. (1990) kalla "functional case".

³ Sjå avsnitt 1.2 for ei drøfting av oblike subjekt i islandsk.

⁴ Også akkusativ kan ved enkelte verb vere leksikalsk tilordna. Dette ser me klart i moderne islandsk ved akkusativ med infinitiv. (i)a viser aktiv og passiv av ein ordinær akkusativ med infinitiv:

- (i) a. Hann telur mig hafa skrifað ritgerðina.
b. Ég er talinn hafa skrifað ritgerðina.

Akkusativleddet i (i)a svarar til nominativsleddet i (i)b, og er dermed eksempel på eit ledd med strukturell kasus. Men viss eit verb som *vanta*, som tar to akkusativledd, står som underordna verb i denne konstruksjonstypen, får me ein ny situasjon, jf. (ii):

- (ii) a. Hann telur mig vanta peninga.
b. Mig er talið vanta peninga.

På dette punktet skil norrønt seg frå islandsk, ved å mangle oblike subjekt (sjå Faarlund 1990, Mørck 1992, Kristoffersen 1994 og 1996).⁵ Dei viktigaste argumenta for å hevde dette er knytt til refleksivisering, kontroll, utelating av imperativsubjekt og subjektsløfting. For det første er det slik i norrønt at det refleksive pronomenet *sik* ('seg') bare kan vere referensielt bunde av eit argument med nominativ kasus, altså eit ledd som tradisjonelt har blitt oppfatta som subjekt, jf. følgjande eksempel:⁶

(4)

- a. Þá sýndi hann; sik; glaðan. (BJS 8.36–37)
då framstilte han seg (som) glad
- b. Hann; hafði gort sér; hús. (BJS 9.19–20)
han hadde laga seg eit hus
- c. Þá kallaði hann; til sín; fòður hennar. (BJS 67.42)
då kalla han til seg far hennar

Det andre argumentet mot oblike subjekt går på at det logiske subjektet for kontrollinfinitevar bare kan svare til nominativsubjekt i ei tilsvarende finitt setning, jf. (5). I slike konstruksjonar kan me dermed ikkje ha infinitevar av typen *dreyma* ('drøyme'), fordi desse manglar nominativsubjekt i finitte setningar.

(5)

- (..) at engi maðr leitaði at flýja. (HKII 404. 20)
(..) at ingen mann prøvte å flykte

Eit tredje argument mot oblike subjekt i norrønt er at nominativsubjekt i langt større grad enn argument med oblik kasus blir utelatne i imperativsetningar, jf. følgjande eksempel:

(6)

- Gakk ok bið hann biða úti. (Nyggaard 1905: 8)
gå og be han vente ute

Aktivsetninga (ii)a ser ut som den tilsvarende i (i)a; men kontrasten mellom dei to b-setningane viser at akkusativen i (ii)a har ein annan status enn den i (i)a, ved at han held på kasus ved passiv; dette leddet har altså leksikalsk kasus.

⁵ Ikkje alle forskarar er samde i dette; Rögnvaldsson (1991) argumenterer for at norrønt har oblike subjekt. Denne oppfatninga finst også hos Holmberg og Platzack (1995: 112).

⁶ *sik* skil seg på dette punktet frå refleksive possessivpronomen i norrønt, som også kan vere bundne av ikkje-subjekt (jf. Kristoffersen (1991: 81ff.)

Rögnvaldsson (1991) hevdar som nemnt at norrønt har oblike subjekt. Eit av dei sterkaste argumenta hans er knytt til akkusativ med infinitiv-konstruksjonen, som f.eks. den i (7).

- (7)
 Hann sá sína menn reiða sverdin. (HKI 449.7–8)
 han såg sine menn svinge sverda

Akkusativleddet *sína menn* i (7) er det logiske subjektet for infinitiven *reiða*, og svarar til nominativssubjektet i ei tilsvarende finitt setning med *reiða*. Dersom norrønt bare tillet ledd som kan svare til nominativssubjekt i posisjonen til *sína menn* i (7), blir dette rekna som eit argument for at norrønt manglar oblike subjekt. Omvendt vil oblike argument til infinitiven i posisjonen til *sína menn* i (7) kunne tolkast som belegg for påstanden om at norrønt har oblike subjekt. Og Rögnvaldsson viser til norrøne eksempel som kan tolkast nettopp slik, jf. (8), der dativledda *sér* (8a) og *Þorgeiri* (8b) står på same plass som *sína menn* i (7).

- (8)
 a. Gunnar sagði sér þat vera nær skapi.
 Gunnar-NOM sa REFL.DAT det vere nær sinn
 'Gunnar sa at det var kva han ønska'
 b. Þórður (...) kvað Þorgeiri mjög missynast.
 Þórður sa Þorgeirr-DAT mykje mis-sjá
 'Þórður sa at Þorgeirr tok svært feil'
 (Rögnvaldsson 1991: 373)

Setningane i (8) kan ut frå dette fungere som evidens for at norrønt har oblike subjekt. Eit forhold som imidlertid må avklarast før ein kan godta dette, er spørsmålet om kva kasus eventuelle andre argument til infinitiven ber. Følgjande setning er eit relevant eksempel:

- (9)
 (...) at láta ýðr slíka hluti sóma. (Fritzner 1973/III: 477)
 (...) å la dykk-DAT slike ting-AKK passe

(9) er ei setning med same struktur som dei i (8), men med verbet *láta* i staden for *segja/kveðja*. Etter Rögnvaldssons analyse skal dativ-NP-en *ýðr* svare til akkusativ-NP-en i (7). Men dette skapar problem for analysen av den andre NP-en i (9), *slíka hluti*. Ei finitt setning med verbet

sóma vil ha to argument, eitt i dativ og eit i nominativ. Det første svarar til *yðr* i (9), det andre til *slíka hluti*. Og det er nettopp det andre leddet som endrar seg parallelt med *sína menn* frá nominativ til akkusativ kasus. Dermed er ikkje dativledda i (8) og (9) parallelle med akkusativleddet i (7), og Rögnvaldssons påstand om oblike subjekt i norrønt er vesentleg svekka.

Forði norrønt slik manglar oblike subjekt, finst passivsetningar med subjekt bare i samband med verb som tar akkusativobjekt. Dette forholdet er illustrert i (10)–(11) (jf. Kristoffersen 1994).

(10)

a. Þá var sá hoggvinn fyrr, er síðarr gekk. (HKII 151.3)

dá blei han-NOM hoggen først som sist gikk

b. Var þeim þar vel fagnat. (HKII 107.7–8)

blei dei-DAT der vel helsa

c. (Veittu honum harðar átörlur jafnan)

er hans var getit. (HKII 102.5–6)

((dei) gav han harde lastord alltid) når han-GEN blei nemnd

(11)

a. Heldr verðr hann oss átsamliga gefinn. (Hom. 130.32–33)

heller blir han-NOM oss-DAT kjærleiksfult gitt

b. (Þeir eru sumir,) er lítills láns hér er lét í heimi. (Hom. 178.16)

(dei er nokon,) som lite gods-GEN her er gitt i verða

hoggva tar eit objekt i akkusativ,⁷ som svarar til subjektet i passivsetninga i (10a). *fagna* og *geta* tar dativ- og genitivobjekt; dei tilsvarende passivsetningane (10b) og (10c) er subjektslause. Det same forholdet finn me ved dei ditransitive verba i (11). *gefa* tar eit dativ- og eit akkusativobjekt; i passivsetninga i (11a) svarar subjektet til akkusativobjektet. *ljá* tar eit dativ- og genitivobjekt; den tilsvarende passivsetninga i (11b) er subjektslaus.

1.2 Islandsnk

Også i moderne islandsnk kan transitive verb klassifiserast på grunnlag av kasus på objekta, jf. (12)–(13).

⁷ Legg merke til at *hoggva* også opptrer med to objekt i akkusativ.

(12)

- a. Jón drakk vínið.
Jon-NOM drakk vinen-AKK
- b. Ég hjálpaði honum.
Eg-NOM hjalpste han-DAT
- c. Ég mun sakna hennar.
eg-NOM vil sakne ho-GEN

(13)

- a. Þeir leyndu Ólaf sannleikanum.
dei-NOM skjulte Ólaf-AKK sanninga-DAT
Dei skjulte sanninga frá Olav
- b. Jón bað mig bónar.
Jon-NOM bad meg-AKK ei teneste-GEN
- c. Ég sagði þér (DAT) söguna.
eg-NOM fortalde deg-DAT historia-AKK
- d. Ólafur lofaði Mariu þessum hring.
Ólav-NOM lova Maria-DAT denne ringen-DAT
- e. María óskaði Ólafi alls goðs.
Maria-NOM ønska Ólav-DAT alt godt-GEN
- f. slá einhvern kinnhest.
gi nokon-AKK ørefik-AKK

Ein viktig syntaktisk skilnad mellom islandsk og norrønt er knytt til passiv, ved at islandsk som nemnt har ei rekke passivsetningar med oblike subjekt, jf. (3b, c), der norrønt har upersonlege passivsetningar, jf. (10b, c). Oblike subjekt finn me også i islandske aktivsetningar, jf. (14).

(14)

- a. Mig (AKK) þyrstir.
eg-AKK tørstar
- b. Mér hitnaði.
eg-DAT blei varm
- c. Gunnars getur oft í fornum sögum.
Gunnar-GEN er ofte omtala i sogene

NP-ane med akkusativ, dativ og genitiv kasus i desse setningane oppfører seg som syntaktiske subjekt, og ikkje som objekt. (Sjå Sigurðsson 1989: 204f. for eit oversyn over dei syntaktiske testane som skil dei oblike ledda i (14) ut som subjekt.)

Passiv av dei monotransitive verba *hjálpa* og *sakna* i (12b,c) er vist i (15), der dei pronominala NP-ane *honum* og *hennar* er eksempel på oblike subjekt.

(15)

- a. Honum var hjálpað.
han-DAT blei hjelpt
- b. Hennar var saknað.
ho-GEN blei sakna

Ein annan viktig skilnad mellom islandsk og norrønt finst ved ei gruppe av ditransitive verb. Verb som tar dativ- og akkusativobjekt, (16a) har to passivvariantar, ein med oblikt dativsubjekt, (16b), og ein med nominativsubjekt, (16c). Norrønt har som nemnt ein passiv her, jf. diskusjonen rundt (10)–(11) ovanfor,

(16)

- a. Ég gaf konunginum ambáttir.
eg-NOM gav kongen-DAT trælkvinner-AKK
- b. Konunginum voru gefnar ambáttir.
kongen-DAT blei gitt trælkvinner-NOM
- c. Ambáttir voru gefnar konunginum.
trælkvinner-NOM blei gitt kongen-DAT

Ved dei andre gruppene av ditransitive verb i islandsk kan bare eitt av objekta svare til subjekt i passiv, i (17) illustrert ved *skila* 'levere tilbake'.

(17)

- a. Ég skilaði henni peningunum.
eg-NOM returnerte henne-DAT pengene-DAT
Eg returnerte pengene til henne
- b. Henni var skilað peningunum.
ho-DAT (SUBJEKT) blei returnert pengene-DAT
Ho blei returnert pengene
- c. *Peningunum var skilað henni.

Også passiv av *skila* skil seg frå tilsvarande norrøne eksempel, som vil ha ein upersonleg passiv der (17b) er personleg med oblikt subjekt i dativ.

1.3 Tysk

Tysk liknar på overflata norrønt og islandsk ved å ha objekt i ulike kasus; hovudgruppene er illustrert i (18)–(19) (frå Askedal 1976).

(18)

- a. Er schüttelte den Kopf.
han-NOM rista (på) hovudet-AKK
- b. Wir halfen ihm.
me-NOM hjelpte han-DAT
- c. Sie gedachten ihrer Toten.
dei-NOM minnest sine døde-GEN

(19)

- a. Peter schenkte seiner Frau ein neues Kleid.
Peter-NOM gav kona si-DAT ein ny kjole-AKK
- b. Man beschuldigte den Angeklagten des Diebstahls.
Ein skulda den anklaga-AKK (for) tjuveriet-GEN
- c. Sie lehrte ihren Sohn ein kleines Lied.
ho-NOM lærte sonen sin-AKK ein liten song-AKK

To aspekt ved transitive verb i tysk har interesse i denne samanhengen. Det første gjeld talet på grupper av ditransitive verb. Som (19) viser, finn me i tysk bare tre grupper, mens islandsk og norrønt begge har seks grupper.

For det andre manglar tysk, likt norrønt og ulikt islandsk, oblike subjekt. Ei setning som den i (20) er med andre ord upersonleg:

(20)

Mir ist übel.
eg-DAT er kvalm

Som eitt argument mot oblike subjekt i tysk peiker Reis (1982: 188) på at det utelatne leddet i infinitivsfrasar i tysk kan svare til eit argument i nominativ, men ikkje til eit med oblik kasus, jf. følgjande kontrast:

(21)

- a. Gretchen glaubt, unterstützt zu werden.
Gretchen trur støtta å bli
'Gretchen trur ho vil bli støtta'
- b. *Gretchen glaubt, geholfen zu werden.
Gretchen trur hjelpt å bli
Gretchen trur ho vil bli hjelpt

(Reis 1982: 188)

Fordi det utelatne leddet i (21a) svarar til eit nominativssubjekt, er denne setninga akseptabel. Det som på den andre sida gjør (21b) uakseptabel, er at det utelatne leddet er eit dativargument.

Mangelen på oblike subjekt får følgjer for passiv i tysk; variasjonen her liknar den me finn i norrønt, ved at bare akkusativobjekt kan svare til passivsubjekt. Følgjeleg har (18a), men ikkje (18b, c) personleg passiv. Ved dei ditransitive verba svarar alle dei tre typane i (19) til ein personleg passiv kvar, der akkusativobjektet i aktiv svarar til passivsubjektet. I (19c) kan bare det første akkusativobjektet bli passivsubjekt (Zaenen et al. 1990: 128).

2 Teorien om leksikalsk assosiering

Teorien om leksikalsk assosiering (TLA) spring ut av Leksikalsk-funksjonell grammatikk (LFG),⁸ og er ein teori om systematiske korrespondansar mellom tematiske roller og syntaktiske funksjonar på tvers av ulike grammatiske konstruksjonar, og på tvers av språkgrenser. Utgangspunktet er ein formell representasjon av dei tematiske rollene (eller argumenta) til eit predikat, ARGUMENTSTRUKTUREN (a-strukturen), og eit viktig mål innanfor teorien er å stille opp forholdet mellom denne og det representasjonsnivået der syntaktiske funksjonar er representerte, FUNKSJONSSTRUKTUREN (f-strukturen). TLA er presentert i fleire arbeid gjennom dei siste åra, mellom andre Bresnan og Moshi (1990), Bresnan og Zaenen (1990), Bresnan og Kanerva (1992), Alsina (1992) og (1996) og Bresnan (1994). Kritiske merknader til teorien er sette fram i Schachter (1992) og Keach og Rochemont (1993).

Eit grunnleggjande drag ved TLA er at syntaktiske funksjonar blir dekomponerte i primitive trekk.⁹ Vidare reknar ein med eit universelt sett med tematiske roller og ei hierarkisk ordning av desse, og eit sett med prinsipp som assosierer roller og primitive trekk. Teorien inneheld også ein komponent som gjør greie for forholdet mellom aktiv og passiv og andre grammatiske prosessar, og dessutan vilkår som må vere oppfylte for at ein derivert f-struktur skal gjelde som velforma. I det følgjande skal eg kort sjå på dei enkelte komponentane.

⁸ Bresnan (1982a) gir ein grundig presentasjon av ulike aspekt ved LFG, slik modellen såg ut først på 1980-talet. Dalrymple et al. (1995) inneheld artikkelar av nyare dato, med særleg fokus på formelle aspekt ved teorien.

⁹ Her representerer TLA ei vidareutvikling i forhold til tradisjonell LFG (f.eks. Bresnan 1982a), der det er dei grammatiske funksjonane sjølve som blir rekna som primitivar.

2.1 Dekomponering av syntaktiske funksjonar

Syntaktiske funksjonar blir dekomponerte i to primitive trekk, [avgrensa] og [objektiv], som begge kan ha positiv eller negativ verdi:

(22)

[+/-avgrensa]	([+/-a])
[+/-objektiv]	([+/-o])

Dei to trekka legg restriksjonar på kva funksjonar ulike tematiske roller kan bli knytte til. Funksjonar som er [+avgrensa], kan bare realisere ei bestemt tematisk rolle, knytt til den aktuelle funksjonen; eit eksempel på dette finn me ved adverbial uttrykke ved preposisjonsfrasar, der preposisjonen i mange tilfelle avgjør den tematiske rolla til adverbialet. Funksjonar som er [-avgrensa] kan i prinsippet knytte til seg fleire ulike eller ingen roller. Subjektet er eksempel på ein slik semantisk uavgrensa funksjon. I (23a) uttrykker subjektet agentiv rolle, i (23b) perseptiv rolle.

(23)

- a. Per kasta ballen.
- b. Per såg ballen.

Trekket [objektiv] refererer til om ei tematisk rolle kan realiserast av eit syntaktisk komplement til eit transitivt verb eller ein preposisjon; den rolla som objektet uttrykker, får positiv verdi for dette trekket. Andre funksjonar, som subjekt og subkategorisert adverbial, får negativ verdi for dette trekket.

Innanfor LFG (og TLA) reknar ein med eit universelt sett med syntaktiske funksjonar. (Sjå Bresnan (1982b: 287) for eit oversyn, og Levin (1987: 4) for ein modifikasjon av dette.) Dei funksjonane som er relevante i det følgjande er subjekt (SUBJ), objekt (OBJ), avgrensa eller sekundært objekt (OBJ_θ) og subkategorisert adverbial (OBL_θ). Med utgangspunkt i trekka [avgrensa] og [objektiv] blir desse syntaktiske funksjonane klassifiserte som i (24).

(24)

SUBJ = [-a, -o]	OBJ = [-a, +o]
OBL _θ = [+a, -o]	OBJ _θ = [+a, +o]

To av funksjonane i (24) er som nemnt semantisk avgrensa funksjonar: OBL_θ og OBJ_θ. Desse skil seg frå dei uavgrensa funksjonane SUBJ og

OBJ, som er spesifikke funksjonar karakteriserte ved sett med eigen-skapar. OBL_Ø og OBJ_Ø er på den andre sida ikkje symbol for bestemte syntaktiske funksjonar, men forkortingar for mengder med syntaktiske funksjonar, der kvar medlem skil seg frå dei andre ved den semantiske rolla han realiserer (Bresnan og Kanerva 1992: 25). Eit avgrensa objekt som f.eks. uttrykker benefaktiv rolle, kan ut frå dette representerast slik: OBJ_{BEN}. Dette skil seg frå eit avgrensa objekt som uttrykker per-septiv rolle: OBJ_{PER}. Felles for begge desse objekta er at dei hører til mengda av funksjonar som er representert ved symbolet OBJ_Ø.

2.2 Tematiske roller

Dei tematiske rollene til eit predikat er representerte ved argument-strukturen (a-strukturen). A-strukturen til eit verb som *gefa* er vist i (25):¹⁰

(25)
gefa <ag ben te>

Lesen frå venstre mot høgre gir a-strukturen uttrykk for den relative prominensen til dei enkelte rollene.¹¹ Graden av prominens til ei gitt tematisk rolle blir bestemt ut frå i kor stor grad denne rolla kan bli knytt til den syntaktiske funksjonen subjekt, og slik sett speglar a-strukturen eit hierarki av tematiske roller, vist i (26).

(26)
agentiv > benefaktiv > perseptiv > mål > instrument > tema > lokativ

Innanfor TLA er den viktigaste oppgåva til dette hierarkiet å definere det logiske subjektet til eit predikat: Det logiske subjektet til eit predikat er identisk med den mest prominente rolla til dette predikatet, og blir i det følgjande representert slik: *Ø*. (Sjå avsnitt 4.1.4 nedanfor for ein nærmare karakteristikkk av det logiske subjektsomgrepet i TLA.)

¹⁰ Følgjande forkortingar er nytta for dei tematiske rollene: "ag" = agentiv; "te" = tema; "ben" = benefaktiv; "per" = perseptiv; "instr" = instrumental.

¹¹ Dei mest prominente rollene blir av Bresnan og Moshi (1990: 169) karakteriserte som "[...] those of the more causally active or topical participants in events".

2.3 Klassifisering av tematiske roller

Dei tematiske rollene blir vidare klassifiserte ut frå kva syntaktiske funksjonar dei blir assosierte med i umarkerte tilfelle. Blant anna bygger ein her på forhold som at agentiv rolle ikkje blir assosiert med funksjonen objekt i noko språk, og at temarolla normalt blir assosiert med ein semantisk uavgrensa funksjon (altså SUBJ eller OBJ i (24)).¹²

Sentralt i TLA-litteraturen står klassifiseringa av såkalla interne roller. Ei intern rolle står i opposisjon til ei ekstern, som blir definert på følgjande måte (jf. Bresnan og Zaenen 1990: 50): Den eksterne rolla til eit predikat, er (i) det logiske subjektet, (θ), og (ii) samstundes eit argument som er [-o]. Eit internt argument har ein av dei to spesifikasjonane [-a] eller [+o]. Ut over dette blir ikkje spørsmålet om kva ei intern rolle er, i særleg grad drøfta, men Alsina (1992) refererer til Dowty (1991), som stiller opp ein teori om tematiske roller der to einingar, "Proto-agens" og "Proto-patiens", spelar ei grunnleggande rolle. Dowty (1991) skal eg vende tilbake til i avsnitt 3 nedanfor.

(27) viser klassifikasjonen av tematiske roller som er nytta i Bresnan og Zaenen (1990: 49).¹³

(27) Klassifisering av tematiske roller

Patiensliknande roller:	θ [-a]
Sekundære patiensliknande roller:	θ [+o]
Andre roller:	θ [-o]

¹² Men temarolla kan også bli assosiert med ein semantisk avgrensa funksjon, slik eg drøftar nedanfor (jf. også Zaenen et al. 1990: 117).

¹³ Bresnan og Moshi (1990) og Alsina (1992) knyter særskilte restriksjonar til sekundære interne roller. Bresnan og Moshi hevdar at benefaktiv universelt ikkje kan vere [+o], mens Alsina med sine prinsipp krev at ei intern rolle bare kan vere [+o] viss ho er lik eller lågare enn "mål" på hierarkiet. Helge Lødrup har gjort meg merksam på at dette ikkje kan vere universelt. I fleire språk ser me at benefaktiv rolle er assosiert med ikkje-passiverbare objekt, og dermed må vere [+o]. Dette gjeld mellom anna tysk, jf. (13), og, som me skal sjå, norrønt. Vidare må benefaktiv vere [+a], og ikkje [-a] i moderne norsk i setningar som *Per gav ballen til Marit*. Som eit alternativ hevdar Bresnan og Zaenen (1990: 49) i sin analyse av engelsk at spørsmålet om kva roller som kan vere sekundære (dvs. [+o]) er gjenstand for parametrisk variasjon, og dei utelet restriksjonen i sine prinsipp for engelsk. Rolla benefaktiv vil bli drøfta nærmare i hovudavsnitt 3 nedanfor, med særleg referanse til forholda i norrønt.

I det følgende vil termen INHERENT rolleklassifisering bli nytta om prinsippa i (27).

2.4 Assosieringsprinsipp

Teorien føreset vidare to assosieringsprinsipp som bind saman roller og funksjonar. Det første av desse er subjektprinsippet, gjengitt i (28).

(28) *Subjektprinsippet*

Tilordne subjektstrekka ([-a], [-o]) til

- a. det eksterne argumentet, viss det finst; elles, til
- b. eit internt argument

På grunnlag av inherent klassifisering og subjektprinsippet blir f-strukturen til eit predikat avvleia frå a-strukturen. I f-strukturen skal alle tematiske roller vere spesifiserte for begge dei to trekka [avgrensa] og [objektiv], noko som blir sikra ved følgjande defaultprinsipp (jf. Alsina 1992: 546):

(29) *Defaultprinsippet*

Fullfør ein delvis spesifisert syntaktisk funksjon ved å tilordne ein positiv verdi til det uspesifiserte syntaktiske trekket ([a] eller [o]).

Etter diskusjonen av tematiske roller i avsnitt 3 nedanfor, presenterer eg ein noko annleis versjon av TLA enn den som er representert ved prinsippa i (27)–(29). Den sistnemnde versjonen ligg til grunn for analysane av norrønt.

2.5 Passiv

Passiv blir i TLA analysert som ein av fleire morfoleksikalske operasjonar, operasjonar som kan endre a-strukturar ved å undertrykke, leggje til eller binde visse tematiske roller. Passiv er eksempel på ein operasjon som *undertrykker* ei rolle, nærmare bestemt den mest prominente rolla til eit predikat. Dette kan formaliserast som i (30).

(30) *Passiv*

$$\begin{array}{c} \emptyset \\ | \\ \emptyset \end{array}$$

Meir uformelt kan me seie at forholdet mellom aktiv og passiv er slik at det logiske subjektet (dvs. den mest prominente rolla) i aktiv endrar status i passiv, ved at det ikkje blir realisert av eit syntaktisk argument av verbet.

2.6 Vilkår på leksikalske former

Intern klassifisering, subjekts- og defaultprinsippa og morfoleksikalske operasjonar som f.eks. passiv, verkar på a-strukturar og gir f-strukturar som resultat. TLA stiller to krav til ein velforma f-struktur: For det første gjeld det for alle predikat at ei av dei tematiske rollene skal vere knytt til subjektsfunksjonen. For eit språk som norrønt er dette problematisk, fordi ei rekke norrøne verb manglar subjekt. Eg skal på dette punktet følgje Bresnan og Zaenen (1990: 51) i å rekne med at dette vilkåret er språkavhengig, og at det ikkje gjeld for norrønt. Dette spørsmålet er også drøfta i Kristoffersen (1991: 130 og 145).¹⁴

Det andre vilkåret krev at det skal vere eit ein-til-ein-forhold mellom tematisk rolle og grammatisk funksjon ved eit gitt predikat (Function-Argument Biuniqueness, FAB). Dette skal hindre at ei og same rolle blir assosiert med fleire funksjonar, og at ein grammatisk funksjon realiserer meir enn ei rolle.

2.7 Eit eksempel

Med utgangspunkt i det norrøne verbet *kasta* skal eg nå kort demonstrere korleis TLA verkar. Dette verbet deler ut to semantiske roller, agentiv og tema, og a-strukturen blir som i (31).

(31)
kasta <ag te>

I (32) ser me korleis dei ulike prinsippa sikrar assosieringa mellom argumentstrukturen og f-strukturen.

¹⁴ Alternativt kan ein tenke seg å la subjektsprinsippet gjelde universelt, og rekne med at norrønt har oblike subjekt (noko eg har argumentert eksplisitt mot ovanfor, jf. avsnitt 1.2); eit problem som uansett gjenstår er meteorologiske verb, f.eks. *riña* ('regne'), som fullstendig manglar subjektskandidat.

(32)				
a-struktur	<i>kasta</i>	< ag	te>	
Inherent klassifisering		[-o]	[-a]	jf. (27)
Subjektsprinsippet		[-a]		jf. (28)
Defaultprinsippet			[+o]	jf. (29)
f-struktur		SUBJ	OBJ	

Etter (27) skal ei temarolle ha spesifikasjonen [-a], som i linje 2 i (32). Skiljet mellom primære og sekundære interne roller er her irrelevant fordi *kasta* bare deler ut ei intern rolle. Subjektsprinsippet i (28) sikrar at agentiv rolle, som det logiske subjektet, får spesifikasjonen [-a,-o], og defaultprinsippet (29) fullfører spesifikasjonen av temarolla. F-strukturen, altså representasjonen av syntaktiske funksjonar, blir nå gitt ved (24). F-strukturen i (32) fortel at dei to argumenta til *kasta* er knytte til funksjonane SUBJ og OBJ.

TLA har som nemnt vist seg som eit godt verkty i skildringa av ei rekke bantuspråk (f.eks. Alsina (1992), Bresnan og Kanerva (1992), og Bresnan og Moshi (1990), og dessutan er aspekt ved engelsk (Bresnan og Zaenen 1990), nederlandsk (Zaenen 1994) og norsk (Lødrup 1995) analyserte i modellen. Likevel er ikkje modellen utan problem. Eit av desse gjeld det semantiske grunnlaget for dei tematiske rollene. Når er det f.eks. grunn til å rekne med at eit argument har agentiv rolle? Enn tema? Dette problemet blir meir framtrudande når ei større gruppe verb blir dregne inn, slik som tilfellet er i dette arbeidet. I neste hovudavsnitt skal eg derfor drøfte dette spørsmålet i detalj.

3 TLA, tematiske roller og norrøn syntaks

3.1 Det semantiske grunnlaget for tematiske roller

Tilnærminga til tematiske roller i TLA har røter i tradisjonen etter Gruber (1976) og Jackendoff (1972). Bresnan og Kanerva (1992: 76) karakteriserer frå ein LFG-synsstad, med referanse til m.a. Dowty (1979) og Jackendoff (1987), roller som “abstractions over the finer-grained semantic structures of verbs”, mens Bresnan (1994: 90; fotnote 27) skriv følgjande: “The theta-role labels used here informally are assumed to be eliminable given the appropriate semantics.” Det semantiske grunnlaget for tematiske roller som er nemnt i desse sitata, blir normalt ikkje eksplisert i LFG-litteraturen. Denne mangelen har blitt kritisert av mellom andre Dowty (1989, 1991), som presenterer ei til-

nærming til tematiske roller som tar utgangspunkt i semantisk prototypeteori. Det semantiske grunnlaget for si oppfatting av tematiske roller uttrykker Dowty slik:

[W]hen I say that a thematic role system distinguishes one argument from another semantically, I mean that it permits (real-world, non-linguistic) objects to be distinguished from each other by virtue of the distinctive properties they have as they participate in an event named by a verb, properties that can be identified (“in the real world”) independently of a language or its “semantic representations.” (Dowty 1989: 73)

Desse eigenskapane (“distinctive properties”) får altså deltakarane frå verbet i eigenskap av å vere deltakarar i ei hending denotert av dette verbet. Den semantiske basisen i tematiske roller blir på denne måten ein del av tydinga til verbet som “deler ut” rollene. Denne delen oppfattar Dowty som leksikalske implikasjonar til verb, fordi desse alltid vil gi informasjon om deltakarane i den hendinga som verbet denoterer (1989: 75): “Indeed, it is impossible to imagine how to describe the meaning of *x builds y* without saying something that directly or indirectly identifies the subject as Agent and the object as Patient.” Dei leksikalske implikasjonane inngår i Dowtys karakteristikk av tematiske roller, og han argumenterer for at to roller er tilstrekkeleg for å gjøre greie for argumentseleksjon (i engelsk). Dei to rollene er prototypiske einingar, og han kallar dei PROTO-AGENS og PROTO-PATIENS. Dowtys (1991: 572) liste over implikasjonar assosierte med desse rollene er vist i (33).

(33)

Contributing properties for the Agent-Proto-Role:

- a. volitional involvement in the event or state
- b. sentience (and/or perception)
- c. causing an event or change of state in another participant
- d. movement (relative to the position of another participant)
- e. exists independently of the event named by the verb

Contributing properties for the Patient Proto-Role

- a. undergoes change of state
- b. incremental theme
- c. causally affected by another participant
- d. stationary relative to movement of another participant
- e. does not exist independently of the event, or not at all

'Incremental theme', på norsk INKREMENTALT TEMA, dreier seg om argument til teliske predikat som refererer til tilstandsendingar, f.eks. eit verb som *byggje*, illustrert i følgjande setning:

- (34)
Per byggjer nytt hus.

Slike predikat har ei tyding som på ein bestemt måte svarar til denotasjonen til det argumentet som er assosiert med inkrementalt tema. Denotasjonen til eit inkrementalt tema-argument kan delast inn i avgrensa delar, som kvar svarar til ulike aspekt ved hendinga som verbet denoterer. Eit slikt argument har med andre ord ein denotasjon som heile tida viser kor langt hendinga som verbet referer til, er framskriden, og utmåler hendinga; i (34) svarar graden av ferdigstilling av huset til kor langt bygginga er framskriden.¹⁵

Fordi proto-agens og proto-patiens er prototypiske einingar, kan argument til ulike predikat vere assosierte med forskjellig antal og kombinasjonar av implikasjonar; implikasjonane er med andre ord uavhengige av kvarandre, og kan opptre separat. Dette er vist for utvalde proto-agenseigenskapar i (35) og proto-patienseigenskapar i (36):¹⁶

- (35)
- a. Bare MEDVIT ('sentience'):

Pessum hlútum trúum vér staðfastlega. (BJS 40.11)
desse ting-DAT trur me-NOM hugfast
 - b. Bare SANSING ('perception'):

Hér sér engi maðr okkar samvist (BJS 80.36-37)
her ser ingen mann-NOM vårt samvære-AKK

- (36)
- a. Bare TILSTANDENDRING:

Ef hval rekr út. (Fritzner 1973/III: 74)
om kval-AKK driv ut
 - b. Bare ÅRSAK ('causation'):

Andlig skilning (...) gleðr huginn himneskri huggun.
ándeleg innsikt-NOM gleder hug-AKK himmelsk-DAT trøst-DAT

¹⁵ Andre som har drøfta objektsroller i eit liknande perspektiv er Tenny (1994) og Tonne (1993, 1994).

¹⁶ Dei norske termene "viljing", "sansing" osv. for implikasjonane i (32)-(33) blei først presenterte av Kjartan G. Ottósson på eit seminar ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, våren 1993.

Ándeleg innsikt gleder hugen med himmelsk trøst
(Hreinn Benediktsson 1980: 11)

Dowty nyttar proto-rollene i karakteristikken av argumentsleksjon, altså forhold som gjeld assosiering av semantiske argument med syntaktiske funksjonar, og gjør framlegg om eit prinsipp for argumentseleksjon, (37), som refererer til proto-rollene (eller til dei implikasjonane som konstituerer proto-rollene).

(37)

ARGUMENT SELECTION PRINCIPLE: In predicates with grammatical subject and object, [...] the argument for which the predicate entails the greatest number of Proto-Agent properties will be lexicalized as the subject of the predicate; the argument having the greatest number of Proto-Patient entailments will be lexicalized as the direct object.

Virkemåten til seleksjonsprinsippet (37) kan illustrerast med utgangspunkt i (34), der *Per* har alle proto-agenseigenskapane, men ingen proto-patiens-eigenskapar. *hus* har på den andre sida alle proto-patiens-eigenskapane, men ingen proto-agenseigenskapar. Etter (37) er *Per* subjekt og *hus* direkte objekt.

Dowty demonstrerer vidare (1991: 577) korleis han tenker seg forholdet mellom proto-roller og tradisjonelle rollenemningar: Her er hovudpoenget at ulike knippe av proto-rolleeigenskapar svarar til tradisjonelle roller. AGENS svarar til kombinasjonen av viljing, årsak, medvit og rørsle. PERSEPTIV svarar til medvit utan viljing eller årsak. Vidare kan den tradisjonelle rolla INSTRUMENT karakteriserast ved kombinasjonen av årsak og rørsle, minus viljing eller medvit. TEMA, som klart er den vanskelegaste å definere, er typisk kombinasjonen av tilstandsending, inkrementalt tema og avhengig eksistens.

3.2 Problemet benefaktiv

Dowtys teori medfører eit problem som ikkje er like framtrédande i meir tradisjonelle oppfatningar av tematiske roller, t.d. den i TLA. I Dowtys system finn me to einingar, proto-agens og proto-patiens, og det er vanskeleg å sjå korleis dei impliserte eigenskapane ved desse rollene også dekker benefaktive argument. Slike argument finn me i setningar som dei i (38) og (39).

(38)

Einn auðigr maðr átti tvá sonu. (BJS 38.4)
 ein rik mann-NOM eigde to søner-AKK

(39)

Hann hafði (...) veitt Ólafi konungi lið. (HKII 95.10–11)
 han-NOM hadde (...) gitt Olav konge-DAT hjelp-AKK

I (38) er subjektet benefaktivt, i (39) er dativobjektet benefaktivt. Grunnlaget for ein slik semantisk klassifisering kjem til uttrykk mellom andre hos Dyvik (1986: 95):

'Benefaktiv' er rollen for den deltakar som situasjonen er til fordel eller ulempe for; eller mer generelt: Det som skjer, skjer innenfor interessesfæren til den benefaktive deltakeren.

Den generelle karakteristikken av dette passar for dei nemnte argumenta i (38)–(39). Spørsmålet er om det også er mogleg å nytte Dowtys teori i ein karakteristikk av dei. Med omsyn til proto-agens-eigenskapane er det for det første vanskeleg å hevde at viljing er ein sentral eigenskap ved desse argumenta. Ein kan godt eige eller få noko utan å vilje det. For det andre er det vanskeleg å sjå at medvit er ein nødvendig eigenskap ved den benefaktive deltakaren; det er fullt mogleg å få eller eige noko utan å vere merksam på det (jf. Dyvik 1986: 95). Heller ikkje årsak til ei hending eller ei tilstandsending, eller rørsle, kan vere essensielle eigenskapar ved den benefaktive deltakaren. Konklusjonen blir at denne deltakaren manglar proto-agens-eigenskapar.

Når det gjeld proto-patienseigenskapar er det klart at den benefaktive deltakaren ikkje er inkrementalt tema. Heller ikkje tilstandsending synest aktuelt. Legg først merke til at denne eigenskapen ikkje er relevant ved statiske verb som *eiga* og *hafa*. For dei andre verba i denne gruppa, som f.eks. *gefa* eller *fá*, kan me argumentere for at det at noko kjem inn i interessesfæren til den benefaktive deltakaren impliserer ei tilstandsending. Det som talar imot ei slik oppfatting er at så lenge deltakaren i prinsippet ikkje treng vere klar over denne endringa, er det liten grunn til å rekne med at ho representerer ei essensiell endring i deltakaren. Ut frå dette er det heller ingen grunn til å rekne med at deltakaren er kausalt påverka av ein annan deltakar.

Ein proto-patienseigenskap ser det likevel ut til at den benefaktive deltakaren har; han er i ro i forhold til ein annan deltakar, gjenstanden

som går inn i interessessfæren hans. Trass i dette må konklusjonen bli at benefaktive deltakarar, som dei i (38)–(39) ovanfor, har få eller ingen proto-patiens- og agens-eigenskapar, og at dei dermed fell utanfor teorien om proto-roller. Grunnen til at dette problemet oppstår, er etter mi oppfatting at denne teorien først og fremst er innretta på å karakterisere argumentsleksjon ved “primære transitive verb” (Andrews 1985), altså prototypiske transitive verb, mens han ikkje er like godt eigna til å predikere seleksjon ved verb der eitt eller fleire argument manglar protorolle-eigenskapar, som f.eks. dei som deler ut benefaktiv rolle. Me har altså ein situasjon der eit av argumenta til fleire grupper av verb manglar protorolle-implikasjonar.

For å bøte på dette problemet, skal eg gjøre framlegg om å utvide Downtys system med ei tredje protorolle, “proto-benefaktiv”, som tar utgangspunkt i interessessfæren til den benefaktive deltakaren. Det som ser ut til å vere det sentrale, er forholdet mellom denne interessessfæren og ein annan deltakar. Denne andre deltakaren kan anten VERE I interessessfæren til den benefaktive deltakaren, som i (38), eller KOMME INN I interessessfæren, som i (39) (jf. Pinker 1989: 220). Men også andre ledd blir rekna som benefaktive; i (40a) refererer objektet til ein deltakar som GÅR UT AV interessessfæren til subjektsreferenten; i (40b) refererer genitivobjektet til ein deltakar som blir HALDEN TILBAKE FRÅ interessessfæren til referenten til dativobjektet.

(40)

- a. Ef hverr þjófr eða vikingr misti auga síns. (Hom. 35.18)
hvis kvar tjuv-NOM eller viking-NOM missa augo sitt-AKK
- b. Hon synjaði fám síns vilja. (BJS 80.24)
ho-NOM nekta få-DAT si vilje-AKK

Ut frå dette kan me stille opp følgjande eigenskap for proto-benefaktiv:

Interessessfære relevant for ein annan deltakar

Denne formuleringa dekkjer tre aspekt ved den benefaktive deltakaren: For det første er det bare menneske som har interessessfære; det er også det vanlegaste at benefaktive argument refererer til menneske.¹⁷ For

¹⁷ I den grad “benefaktive” argument ikkje refererer til menneske, refererer dei til deltakarar som får menneskelege eigenskapar gjennom ei metaforisk utviding. F.eks. kan ein slik deltakar referere til organisasjonar: *Han gav Røde kors heile tippemien sin*; på same måte som eit menneske kan ein organisasjon gjøre nytte av slike gåver.

det andre kan interessesfæren påverkast på mange ulike måtar, f.eks. kan handlinga som verbet denoterer, vere både til fordel og ulempe for den benefaktive deltakaren. For det tredje at den benefaktive deltakaren er avhengig av ein annan deltakar. Dette ser me av eksempel som

(41)

- a. *Per har.
- b. *Per gav Ola.

Den einaste moglege tolkinga av (41b) er med *Ola* som den deltakaren i situasjonen som skiftar eigar; han kan ikkje vere mottakar i dette tilfellet. I fråveret av ei patiensrolle her blir den benefaktive rolla tolka som patiens.

Pinker (1989: 82–84) oppfattar “benefaktive” deltakarar annleis, og eg skal derfor kort drøfte hans alternativ. For Pinker er “mottakar”-argumentet ved ditransitive verb ei form for patiens. Pinkers hovudpoeng er å vise at argumentstrukturen ved slike verb er forskjellig frå argumentstrukturen til dei tilsvarende verba med objekt og oblik funksjon. Det skal altså vere ein skilnad mellom mottakar-argumentet i (42a) og (42b).

(42)

- a. Petter ga Marit boka.
- b. Petter ga boka til Marit.

Pinker viser til to argument for dette. For det første er mottakaren, når han er uttrykt ved det indirekte objektet, “affected by the transaction rather than simply being its target” (Pinker 1989: 83). Dette ser ein av kontrasten mellom *teaching French to the students*, moglegvis utan effekt, og *teaching the students French*, som impliserer at studentane nødvendigvis lærer fransk. Det andre argumentet Pinker gir for patiens-statusen til mottakaren i ditransitivar, har å gjøre med idiom. Idiom som er bygd på dette mønsteret, har eit mottakar-argument som er patiens i ein alternativ ikkje-idiomatisk uttrykksmåte, jf. kontrasten

(43)

- a. give John a kiss/give John a punch.
- b. kiss John/punch John.

Etter mitt syn er ikkje desse argumenta gode nok til å rekne med to atskilte argumentstrukturar for “dativ-alternasjonen”. For det første finst det fleire verb der det faktisk er vanskeleg å sjå nokon klar skilnad mellom mottakaren som objekt og som oblikt argument. Dette gjeld først og fremst verb som *gi*; dette er Pinker klar over, og han peiker også på at det er usemje om dette i litteraturen.

Pinkers andre argument er heller ikkje godt nok. Han hevdar at *John* i (43a og b) har “an identical semantic role”; dette er så vidt eg kan sjå ikkje heilt riktig, i og med at *John* i ein eller annan forstand er meir totalt (i Pinkers terminologi “holistic”) påverka i b-eksempla enn i a-eksempla. Ut frå dette reknar eg med at mine argument for å inkludere ei tredje proto-rolle benefaktiv ikkje er vesentleg svekka.

3.3 TLA og proto-roller

Zaenen (1994: 146ff.) nyttar Downtys proto-rolleteori i ein TLA-analyse av skiljet mellom uakkusative og uergative verb i nederlandsk. I avsnitt 2.3 ovanfor blei tematiske roller klassifiserte etter følgjande prinsipp:

- (44)
- | | |
|--------------------------------------|------|
| a. Patiensliknande roller: | θ |
| | [-a] |
| b. Sekundære Patiensliknande roller: | θ |
| | [+o] |
| c. Andre roller | θ |
| | [-o] |

Mens Downtys seleksjonsprinsipp tilordnar proto-roller til syntaktiske funksjonar, tilordnar Zaenens versjon protoroller til verdier av trekka [a] og [o], jf. (45).

- (45)
- Viss ein deltakar har fleire patiensegenskapar enn agenseigenskapar, blir den merka [-a] (jf. (44a)).
 - Viss ein deltakar har fleire agenseigenskapar enn patiensegenskapar, blir den merka [-o] (jf. (44c)).

Subjekts- og defaultprinsippet (jf. (28)–(29) ovanfor) blir erstatta av dei generelle assosieringsreglane i (46).

(46)

- (i) Ordne deltakarane på følgjande måte etter inherent klassifisering:
-o < -a < +o < +a.
- (ii) Ordne dei syntaktiske funksjonane på følgjande måte:
SUBJ < OBJ < OBJ_θ (< OBL).
- (iii) Assosier frå venstre kvar deltakar med ein syntaktisk funksjon som er kompatibel med denne.

Zaenens prinsipp refererer ikkje til benefaktiv rolle. Kva slags klassifisering skal eit benefaktivt argument ha? Frå (45a) veit me at eit argument med fleire patiens- enn agenseigenskapar er [-a]. Grunnen til dette er at slike argument kan realiserast som anten subjekt eller objekt, jf. avsnitt 2.1 ovanfor. Likeeins er det med eit argument med fleire agens- enn patienseigenskapar. Dette kan kome til uttrykk anten som subjekt eller som oblik funksjon (dvs. passiv agensfrase), og blir dermed [-o]. Benefaktiv rolle kan, som eg har vist ovanfor, kome til uttrykk som subjekt eller objekt; også denne kan derfor bli merka [-a].¹⁸ (45) kan dermed omskrivast til (47), som saman med (46) utgjør grunnlaget for analysane i hovudavsnitt 4.

(47)

- a. Viss ein deltakar har fleire patienseigenskapar enn agenseigenskapar, blir den merka [-a].
- b. Viss ein deltakar har fleire agenseigenskapar enn patienseigenskapar, blir den merka [-o].
- c. Viss ein deltakar har ein interesssfære som er relevant for ein annan deltakar, blir den merka [-a].

I tillegg til dei to modifikasjonane representerte ved (46) og (47) skal eg følgje Zaenen i å rekne med at argument med leksikalsk kasus er spesifiserte [+avgrensa] i språk der "SUBJ (and (OBJ?)) is encoded through case-marking and agreement" (1994: 152).¹⁹

¹⁸ Ei slik klassifisering er ikkje uproblematisk. Viss me ser på andre språk enn norrønt, f.eks. norsk og engelsk, kan benefaktiv også uttrykkast ved ein oblik funksjon, jf. *Per gav ei bok til Ola*. Samtidig er benefaktiv som subjekt svært sjeldan i desse språka (jf. Lødrup 1995).

¹⁹ Zaenen formulerer dette som eit typologisk prinsipp (1994: 152):

In languages in which SUBJ (and OBJ?) is encoded through case-marking and agreement (and not via word order) lexically case marked participants are always +r.

Zaenen analyserer nederlandsk som eit slikt språk, og peiker på at argumenta for dette ikkje er dei beste. Når det gjeld norrønt, er det på den andre sida vanskeleg å kome bort frå at subjektet nettopp har dei eigenskapane som prinsippet peiker ut.

(48)

Argument med leksikalsk kasus er [+a].

Hovudpoenget med (48) er at eit argument som er semantisk avgrensa (altså [+a]) er bunde til ei bestemt tematisk rolle (for å halde på terminologien i klassisk LFG). Dette medfører at argument med dativ eller genitiv kasus uttrykker bestemte tematiske relasjonar til det styrande verbet. Gjennom analysane som følgjer, skal eg forsøke å vise at det faktisk er eit slikt semantisk grunnlag til stades ved objekt med leksikalsk kasus.

4 Analyse av transitive verb i norrønt

I den følgjande analysen av transitive verb i norrønt vil det formelle oppsettet vere slik: Argumentstrukturen til verba blir framstilt slik at argumenta ikkje ber rollenemningar som agens, benefaktiv osv., men vilkårlege namn som x, y og z (jf. Pinker (1989: 71), Levin og Rappaport Hovav (1995)). Argumentstrukturen for *kasta* blir dermed som i (49).

(49)

kasta <x y>

Ein slik a-struktur dannar utgangspunkt for derivasjon av leksikonoppslag, som i (50).

(50)

<i>kasta</i>	<x	y>
Inherent klassifisering	-o	-a
Default	SUBJ	OBJ

For kvar gruppe av verb som blir drøfta nedanfor skal eg gjennom eit slikt skjema vise korleis TLA gjør greie for tilordning av rolle til funksjon.

4.1 Objekt til monotransitive verb

(51) repeterer dei tre hovudmønstra som monotransitive verb i norrønt inngår i. I dei følgjande underavsnitta vil tilordning av rolle til funksjon bli diskutert for kvar av desse gruppene.

(51)

- a. Þá skar Rognvaldr jarl hár hans. (HKI 130.11)
 då skar Ragnvald jarl-NOM hár-AKK hans
- b. Hon fagnaði vel skáldunum. (HKII 116.5)
 ho-NOM helse vel skaldene-DAT
Ho helse skaldane vel
- c. Hon gat Óláfs. (HKII 136.13)
 Ho-NOM nemnde Olav-GEN

4.1.1 *Nominativ–Akkusativ*

Den største gruppa av verb med akkusativobjekt i norrønt kan med Andrews (1985: 68) karakteriserast som PRIMÆRE TRANSITIVE VERB. Slike verb denoterer ein situasjon der verbhandlinga på ulike måtar verkar på objektsreferenten. (52) viser eit utval av slike verb i norrønt.

(52)

ausa ('ause'), binda ('binde'), bíta ('bite'), blanda ('blande'), brjóta ('bryte'), draga ('dra'), eta ('ete'), flytja ('flytte'), gripa ('gripe'), hefja ('heve'), hoggva ('hogge'), kemba ('kjemme'), lypta ('løfte'), rjóða ('gjere el. farge raud'), senda ('sende'), slá ('slá'), snúa ('snu'), spinna ('spinne'), stöðva ('stanse'), þvá ('vaske'), vega ('drepe; felle'), yrkja ('arbeide med')

Ved desse verba impliserer x-argumentet følgjande proto-agens (P-A)-eigenskapar: Viljing, medvit og årsak til tilstandsendring i y-argumentet; på den andre sida manglar dette argumentet proto-patiens (P-P)-eigenskapar. Y-argumentet impliserer følgjande P-P-eigenskapar: Tilstandsendring, påverknad frå x-argumentet, og for ein del av verba Inkrementalt tema. Analysen av desse verba blir som i (53).

(53)

A-struktur	<i>binda</i>	(x	y)
Inherent klassifisering		-o	-a
Default		SUBJ	OBJ

Etter (47) blir argumentet med flest P-A-eigenskapar [-o], mens argumentet med flest P-P-eigenskapar blir [-a]. Defaultprinsippet (46) sørgjer deretter for at x-argumentet blir knytt til SUBJ og y-argumentet til OBJ.

Ei mindre gruppe verb med akkusativobjekt denoterer ein situasjon der subjektsreferenten er årsak til ein bestemt psykologisk tilstand i objektsreferenten. Kristoffersen (1991) tar med to verb av denne

typen, *gleðja* ('glede') og *hræða* ('skremme'). X-argumentet impliserer her årsak til tilstandsending i y-argumentet. Referenten til dette argumentet ser ut til å kunne vere både animat og inanimat, jf. (54), og det er derfor ikkje rimeleg å rekne sansing og medvit som proto-genseigenskapar ved subjekta til desse verba.

(54)

- a. Gott er (...) at gleðja svá gamlan karl í elli sinni. (BJS 112.8–9)
 godt er (...) á glede så gamal mann-AKK i alderdomen sin
 b. Andlig skilning (...) gleðr huginn himneskri huggun.
 åndeleg innsikt-NOM gleder hug-AKK himmelsk-DAT trøst-DAT
Ándeleg innsikt gleder hugen med himmelsk trøst
 (Hreinn Benediktsson 1980: 11)

Andre P-A-eigenskapar har x-argumentet ikkje. Y-argumentet har P-P-eigenskapen tilstandsending, og er kanskje i ei viss meining kausalt påverka av x-argumentet. Analysen blir i så fall

(55)

A-struktur	<i>gleðja</i>	(x	y)
Inherent klassifisering		-o	-a
Default		SUBJ	OBJ

Ei tredje gruppe verb som tar akkusativobjekt er sanseverb, som dei i (56).

(56)

heyra ('høre'), kenna ('sjå, skjøne'), líta ('sjå'), muna ('hugse'), sjá ('sjå')

Ved desse verba impliserer x-argumentet sansing/medvit, og har ingen P-P-eigenskapar. Y-argumentet representerer eit problem fordi det manglar proto-rolleeigenskapar (jf. Dowty 1991: 573). Dowty seier ingenting om korleis slike argument skal behandlast i forhold til seleksjonsprinsippet. Zaenen (1994: 150), som bare drøftar intransitive verb, vel å stipulere klassifiseringa [-o] for det eine argumentet til intransitive verb som korkje har P-A- eller P-P-eigenskapar. Dette er klart ikkje tenleg i ein analyse av verba i (56), fordi y-argumentet faktisk blir realisert som objekt i akkusativ, og derfor umogleg kan bli [-o].

På den andre sida denoterer eit verb som *sjá* ein relasjon mellom to deltakarar, på same måte som dei primære transitive verba gjør det. Den typiske realiseringa av y-argumentet i slike dyadiske relasjonar er objekt. (Med mindre y-argumentet har eit klart lokativt innhald, som

ved *búa*, der det typisk blir realisert som ein oblik funksjon.) Ut frå dette skal eg rekne med at viss y-argumentet i ein slik dyadisk relasjon manglar P-eigenskapar, og det heller ikkje ber leksikalsk kasus, så blir det klassifisert som [-a]. Dette kan me sjå som ein slags default innanfor systemet av inherent rolleklassifisering. Viss ingenting anna er spesifisert, blir y-argumentet i ein dyadisk relasjon klassifisert [-a]; alternativt kan P-P-eigenskapar vere til stades, noko som også gir [-a], eller argumentet kan ha leksikalsk kasus, og dermed [+a] etter (48). Analysen av *sjá* blir etter dette som i (57).

(57)

A-struktur	<i>sjá</i>	(x	y)
Inherent klassifisering		-o	-a
Default		SUBJ	OBJ

4.1.2 *Nominativ–Dativ*

Den første gruppa av verb med dativobjekt denoterer hendingar som får bestemte positive eller negative følgjer for objektsreferenten, jf. (58).

(58)

bleza ('velsigne'),	bólva ('forbanne'),	eira ('skåne, spare'),	hjálpa ('hjelpe'),	hóta ('truge'),	standa ('hjelpe, støtte'),	þakka ('takke'),	þjóna ('tene'),	þyrma ('spare, skåne'),	veita ('hjelpe')
---------------------	---------------------	------------------------	--------------------	-----------------	----------------------------	------------------	-----------------	-------------------------	------------------

Her impliserer x-argumentet P-A-eigenskapane viljing og medvit. Y-argumentet er på den andre sida klart benefaktivt, gjennom at dei fleste verba impliserer at interesseområdet til denne deltakaren blir berørt på ein positiv eller negativ måte. Leksikalsk kasus, i dette tilfellet dativ, blir direkte tilordna dei tematiske argumenta til verbet (jf. Zaenen et al. 1990 og Yip et al. 1987). Formelt skal eg representere tilordning av leksikalsk kasus gjennom eit eige nivå, kalla "L-kasus", mellom a-struktur og inherent rolleklassifisering. Denne plasseringa er nødvendig for å få fram at det som bestemmer den inherente rolleklassifiseringa i dette tilfellet, [+a], nettopp er leksikalsk kasus, jf. (48). Analysen av verba i (58) blir etter dette som i (59).

(59)

A-struktur	<i>hjálpa</i>	(x	y)
L-kasus			DAT
Inherent klassifisering		-o	+a
Default		SUBJ	OBJ \emptyset

Funksjonstilordninga OBJ følger av defaultprinsippet (46), ved at OBJ θ er den første funksjonen i hierarkiet i (46ii) som er kompatibel med spesifikasjonen [+a].

Vidare finst ei stor gruppe verb med dativobjekt som viser til ein årsak-verknadrelasjon mellom x- og y-argumentet, vist i (60).

(60)

dreifa ('drive bort'), eyða ('ødelegge'), fleygja ('kaste'), fleyta ('setje på sjøen'), flota ('setje på vatnet'), fylkja ('fylke'), hleypa ('drive, jage'), hnekkja ('drive tilbake'), létta ('løfte opp'), lóga ('gjøre ende på'), lúka ('fullføre noko'), lypta ('løfte'), skipa ('ordne'), skipta ('skifte, dele'), snýta ('drepe'), staka ('skubbe'), steypa ('støyte ned'), sveifla ('svinge'), sveipa ('kaste'), þrýsta ('klemme'), þrøngva ('klemme'), veifa ('kaste'), velta ('velte'), venda ('vende'), verpa ('kaste'), víkja ('flytte'), vinda ('slengje, kaste')

X-argumentet til verba i (60) impliserer viljing og årsak til tilstandsending i y-argumentet, mens y-argumentet impliserer tilstandsending, verknad, og for nokre verb (f.eks. *eyða*) inkrementalt tema. Analysen for verba i (60) blir som i (61).

(61)

A-struktur	<i>eyða</i>	(x	y)
L-kasus			DAT
Inherent klassifisering		-o	+a
Default		SUBJ	OBJ θ

Verba i (62) representerer ein variant av det som i litteraturen blir kalla psykologiske predikat.

(62)

fagna ('glede seg ved'), gleyma ('gløyme'), grimmask ('bli sint på'), kviða ('vere redd for'), reidask ('bli sint på'), trúa ('tru'), úfagna ('bli sorgfull for noko')

Ved desse verba er referenten til y-argumentet årsak til ein bestemt psykologisk tilstand (f.eks. sinne, glede) i referenten til x-argumentet, medan x-argumentet er medvite om dette årsaksforholdet. Me ser at begge argumenta har ein P-A-eigenskap kvar. Dowty uttrykker det slik om ein tilsvarande klasse av verb i engelsk, der hans "Experiencer" svarar til x-argumentet ved verba i (62), og "Stimulus" svarar til y-argumentet ved desse verba.

(i) the Experiencer is entailed to be sentient/perceiving, though the Stimulus is not — and (ii) the Stimulus causes some emotional reaction or cognitive judgment in the Experiencer. The first of these is a P-Agent entailment for the Experiencer, while the second is a P-Agent entailment for the Stimulus argument. [footnote utelaten] Moreover, these predicates have no OTHER entailments for either argument that are relevant to argument selection [...] which leaves a situation in which each argument has a weak but apparently equal claim to subjecthood. (Dowty 1991: 579)

Viss det er så at både x- og y-argumentet har eit like stort (eller lite) krav på å bli subjekt, korleis har det seg at nettopp x-argumentet ved desse verba blir valt som subjekt? Den teoretiske løysinga er enkel: Y-argumentet har leksikalsk kasus og kan ikkje bli subjekt; x-argumentet er dermed den einaste subjektskandidaten. Denne analysen er uttrykt i (63).²⁰

(63)			
A-struktur	<i>fagna</i>	(x	y)
L-kasus			DAT
Inherent klassifisering		-o	+a
Default		SUBJ	OBJ \emptyset

Inherent rolleklassifisering gir [+a] ved leksikalsk kasus; x-argumentet er dermed det einaste argumentet som er tilgjengeleg for ei klassifisering som er kompatibel med subjektprinsippet.

I analysen vist i (63), blir mykje avhengig av leksikalsk dativ på y-argumentet. Er det mogleg å etablere eit semantisk grunnlag for denne klassifiseringa av dativleddet ved verba i (62)? Etter Nygaard (1905: 114) uttrykker dativ ved desse verba "årsak", som er ein svært konkret semantisk relasjon. Sett i forhold til skiljet mellom semantisk uavgrensa og semantisk avgrensa funksjonar, ligg det nær å rekne med at dativleddet ved desse verba uttrykker ein avgrensa funksjon. Noko som underbygger dette synet, er at det ved enkelte av desse verba er

²⁰ I språk som manglar morfologisk kasus, som f.eks. dei moderne fastlandsskandinaviske språk eller engelsk, vil eit verb som svarar semantisk til *fagna* vere eitt av to prinsipielt moglege leksikalske uttrykk for den same argumentstrukturen fordi både x- og y-argumentet har same antal proto-agenseigenskapar. Det engelske verbparet *please/like* kan sjåast som to instansieringar av den same argumentstrukturen, jf. sitatet frå Dowty (1991: 579) over.

mogleg å uttrykke y-argumentet ved ein oblik funksjon, jf. Kristoffersen (1991: 45).

Også verba i (64) kan kallast psykologiske predikat. Dei uttrykker den same relasjonen som dei i (62), men forholdet mellom argument og funksjonar er omvendt i forhold til desse.

(64)
 hugna ('glede'), líka ('glede'), mislíka ('mishage'), misþökkask ('mishage'),
 þökkask ('glede'), virðask ('glede')

Referenten til x-argumentet er her årsak til ein bestemt psykologisk tilstand i referenten til y-argumentet, som på den andre sida impliserer sansing og medvit i forhold til situasjonen. Me kan argumentere for analysen i (65) på same måte som ovanfor. Fordi protorolle-implikasjonar ikkje kan danne grunnlaget for inherent rolleklassifisering blir leksikalsk kasus og subjektspriinsippet igjen det sentrale.

(65)			
A-struktur	<i>líka</i>	(x	y)
L-kasus			DAT
Inherent klassifisering		-o	+a
Default		SUBJ	OBJ θ

Ved verba i (64) er det ikkje like enkelt å argumentere for at leksikalsk kasus spelar ei så sentral rolle i tilordning rolle-funksjon. Me kan likevel rekne med at det faktisk er leksikalsk kasus som er avgjerande også her, særleg fordi dette vil vere ein klar formell måte å markere avvikande subjektseleksjon på.

Me har i dette avsnittet sett at objekt med dativ kasus kan uttrykke ulike relasjonar til det styrande verbet. For det første kan dei referere til ein deltakar som verbalhandlinga skjer til fordel eller ulempe for, jf. (58); for det andre kan dei vise til ein deltakar med mange P-P-eigen-skapar, jf. (60). For det tredje kan dativobjektet uttrykke eit av to argument til psykologiske verb, jf. (62) og (64). Når eit objekt har dativ kasus, er imidlertid funksjonstilordninga den same uansett kva relasjon objektet uttrykker, nemleg sekundært objekt (OBJ θ). Legg merke til at dette er eit særdrag for objektssystemet i norrønt; i moderne islandsk kan dativobjekt vere primærobjekt, jf. (108a, b) nedanfor.

4.1.3 *Nominativ–Genitiv*

Mellom verb som tar genitivsobjekt er det to grupper som skil seg ut. Verb frå den første er nemnt i (66).

(66)

afla ('skaffe'), beiðask ('krevje'), biða ('vente'), freista ('prøve'), kosta ('prøve'), leita ('søkje')

Desse verba har x-argument med forholdsvis mange P-A-eigenskapar (frå 2 til 4). Y-argumentet er på den andre sida karakterisert ved svært få eller ingen P-P-eigenskapar. Desse verba denoterer situasjonar der subjektsreferenten på ulike måtar prøver å bøte på ein mangel, jf. eksempla i (67).

(67)

- a. Fór hon (...) niðr til Helvítis at leita hans. (BJS 128.22)
for ho-NOM (...) ned til helvete å søkje han-GEN
- b. Hvi freistar þú þess (...). (BJS 185.13)
kvifor prøver du-NOM det-GEN (...)

Eit liknande forhold finn me att ved neste gruppe i denne klassen, jf. (68).

(68)

fýsask ('lengte etter'), girnask ('ha lyst på'), missa ('sakne'), sakna ('sakne'), þarfnask ('sakne'), þermlask ('sakne'), þurfa ('trenge'), vána ('håpe på'), vilnask ('ønske'), vænask ('håpe på'), vænta ('håpe på'), óeskja ('ønske')

X-argumentet har EIN P-A-eigenskap, sansing, mens y-argumentet manglar P-P-eigenskapar. Det interessante er at også desse verba viser til ein situasjon der mangel er eit sentralt element, men i motsetnad til verba i (66) gjør ikkje subjektsreferenten her noko for å bøte på mangelen. Dette har samanheng med lågare tal på proto-agenseigenskapar.

Verba i (66) og (68) blir analyserte som i (69).

(69)

A-struktur	<i>afla/sakna</i>	(x	y)
L-kasus			GEN
Inherent klassifisering		-o	+a
Default		SUBJ	OBJ \emptyset

4.1.4 Passiv av monotransitive verb

Det sentrale i analysen av passiv i TLA er at det logiske subjektet blir undertrykt (sjå avsnitt 2.5 ovanfor). La oss karakterisere det logiske subjektet som i (70).²¹

(70)

Det logiske subjektet til eit predikat er det argumentet som har flest proto-agenseigenskapar; viss eit slikt ikkje finst, er det argumentet med færrest proto-patienseigenskapar logisk subjekt.

I dette kapitlet har eg drøfta tre grupper av monotransitive verb, dei som tar akkusativobjekt, dei som tar dativobjekt og dei som tar genitivobjekt. Ved desse tre klassane blir passiv realisert på ulikt vis, ved at bare akkusativobjekt svarar til subjekt i passiv, mens dativ- og genitivverba har upersonlege passiv, jf. (71)–(73).

(71)

- a. Finnur Árnason drap þegar Þorstein. (HKII 493.19–20)
Finn Arnason-NOM drap straks Torstein-AKK
- b. (...) at maðrinn sé eigi drepinn. (HKII 253.16–17)
(...) at mannen-NOM er ikkje drepenn

(72)

- a. Hon fagnaði vel skáldnum. (HKII 166.5)
Ho-NOM helsa vel skaldane-DAT
- b. Var þeim þar vel fagnat. (HKII 107.7–8)
Blei dei-DAT der vel helsa

(73)

- a. Menn söknuðu nú Skeggja ór flokkinum. (Fritzner 1973/III: 160)
menn-NOM sakna nú Skjegge-GEN av flokken
- b. Um morguninn var saknat þeira. (Hanssen et al. 1976: 120)
Om morgonen blei sakna dei-GEN

I (71) svarar akkusativobjektet *Þorstein* i aktiv (a) til subjektet *maðrinn* i passiv (b); i (72) og (73) endrar ikkje objekta funksjon frå aktiv til passiv. Så lenge norrønt ikkje har oblike subjekt, blir ikkje dativleddet i (72b) og genitivleddet i (73b) subjekt.

²¹ Denne karakteristikken av logisk subjekt skil seg frå den som er presentert ovanfor; grunnen er at den tradisjonelle karakteristikken føreset eit hierarki av tematiske roller, noko analysane i dette avsnittet ikkje gjør.

Passivverba i (71)–(73) er analyserte i (74)–(76). Legg merke til at desse analysane ikkje introduserer nye teoretiske prinsipp.

(74)			
A-struktur	<i>drepinn</i>	(x	y)
Inherent klassifisering		-o	-a
Passiv		Ø	
Default			SUBJ
(75)			
A-struktur	<i>fagnat</i>	(x	y)
L-kasus			DAT
Inherent klassifisering		-o	+a
Passiv		Ø	
Default			OBJ _θ
(76)			
A-struktur	<i>saknat</i>	(x	y)
L-kasus			GEN
Inherent klassifisering		-o	+a
Passiv		Ø	
Default			OBJ _θ

Ved *drepinn* i (74) blir x-argumentet som det høgste argumentet undertrykt. Subjektsprinsippet har dermed bare eitt argument å verke på, nemleg y-argumentet, som då blir subjekt, jf. (32b). I (75) og (76) gir leksikalsk kasus [+a] på y-argumentet. Når passiv undertrykker x-argumentet, er y-argumentet igjen det einaste subjektsalternativet. Men dette går ikkje, fordi subjektsprinsippet ville innføre ein klassifisering, [-a], som står i konflikt med den interne klassifisering [+a] på argument med leksikalsk kasus. Av defaultprinsippet følgjer det at argumentet er spesifisert [+a, +o], som er klassifiseringen til eit avgrensa objekt.

4.2 Objekt til ditransitive verb

Ditransitive verb i norrønt kan som nemnt delast i seks grupper. Desse gruppene er illustrerte i (77).

- (77)
- Hann hafði (...) veitt Óláfi konungi lið. (HKII 95.10–11)
han-NOM hadde gitt Olav konge-DAT hjelp-AKK
 - Hann skyldi afla sér himneskrar dyrðar. (BJS 60.12–13)
han-NOM skulle skaffe seg-DAT himmelsk ære-GEN

- c. Konungr jätti henni þessu. (HKI 266.14–15)
konge-NOM tillot ho-DAT dette-DAT
- d. (...) skipaði konungr hana hraustum drengjum. (Fritzner 1973/III: 335)
(...) skipa konge-NOM ho-AKK djerne menn-DAT
- e. Þórir eggjaði hann (...) þessar ferðar. (Nygaard 1905: 145)
Tore-NOM eggja han-AKK (...) denne ferda-GEN
- f. (...) konungr (...) hjó hann banahogg. (HKI 118.21)
(...) kongen hogg han-AKK banehogg-AKK

4.2.1 Nominativ–Dativ–Akkusativ

(78) viser eit utval av ditransitive verb som tar objekt i dativ og akkusativ.

- (78)
banne ('nekte'), bera ('bere'), bjóða ('tilby'), eigna ('gi til eige'), fá ('gi'), fastna ('love fast'), fœra ('føre, bringe'), gefa ('gi'), gjalda ('betale'), selja ('selje'), senda ('sende'), skipa ('gi'), sverja ('love med eid'), veita ('gi'),

Verba i (78) tar tre argument, x, y og z. X-argumentet impliserer viljing, medvit, kontroll over og årsak til tilstandsendring i ein annan deltakar (z). Y-argumentet er benefaktivt, og har leksikalsk kasus, og z-argumentet impliserer påverknad frå ein annan deltakar, og tilstandsendring. Dette gir følgjande analyse:

(79)				
A-struktur	<i>veita</i>	(x	y	z)
L-kasus			DAT	
Inherent klassifisering		-o	+a	-a
Default		SUBJ	OBJ _θ	OBJ

Me ser at analysen gir dette verbet to objekt, der det eine er semantisk avgrensa, det andre semantisk uavgrensa.

4.2.2 Nominativ–Dativ–Genitiv

Verb som tar objekt i dativ og genitiv kan på grunnlag av dei semantiske relasjonane mellom verb og argument delast inn i to hovudtypar. Den eine gruppa, med representantar i (80), liknar verb med dativ- og akkusativobjekt i at dei refererer til situasjonar der z-argumentet kjem innanfor interessessfæren til det benefaktive y-argumentet. Her har

begge objektsargumenta leksikalsk kasus, og analysen av verb i denne gruppa blir som i (81).

(80)

afla ('skaffe'), fá ('gi', 'valde'), leita ('skaffe'), ljá ('låne bort'), unna ('tillate'), væna ('love')

(81)

A-struktur	<i>afla</i>	(x	y	z)
L-kasus			DAT	GEN
Inherent klassifisering		-o	+a	+a
Default		SUBJ	OBJ θ	OBJ θ

Som me ser, tar verba i (80) to semantisk avgrensa objekt. Her er det viktig å hugse på kva status symbolet OBJ θ har i forhold til OBJ. OBJ er symbolet for ein bestemt funksjon, "semantisk uavgrensa objekt", mens OBJ θ er symbolet for ei mengd funksjonar, som skil seg frå kvarandre i kva tematisk rolle dei realiserer, jf. avsnitt 2.1 ovanfor. I (80) står me ikkje overfor to identiske funksjonar, OBJ θ , men to skilde funksjonar.

Tre verb med kasuskombinasjonen dativ-genitiv denoterer situasjonar der y-argumentet blir halde tilbake frå interesserefæren til z-argumentet. Dette gjeld verba *fyrirmuna*, *synja*, *varna*. Tilordning mellom argument og funksjon blir som i (81) over.

Det som er karakteristisk for relasjonen mellom genitivobjektet og verbet ved desse tre verba, er at genitiv kasus konkret uttrykker at referenten til y-argumentet manglar referenten til z-argumentet, og at det er referenten til x-argumentet som er ansvarleg for denne mangelen ved å halde tilbake referenten til z-argumentet. Det dreier seg om å halde tilbake kontrollen over ein deltakar, i staden for å overføre kontrollen. Dette kjenner me igjen frå dei monotransitive genitivsverba, der objekta på same måte uttrykker ein mangel hos subjektsreferenten, som denne anten forsøker å skaffe seg eller ikkje gjør det.

4.2.3 *Nominativ–Dativ–Dativ*

Ei tredje gruppe ditransitive verb i norrønt tar to dativobjekt. Eit oversyn over desse verba finst i (82).

(82)

boeta ('bøte'), heita ('love'), játa ('tillate'), launa ('løne'), lofa ('love'), neita ('nekte'), ógna ('truge'), svara ('svare')

X-argumentet impliserer her viljing og sansing/medvit. Den semantiske relasjonen mellom desse verba og y- og z-argumenta er på den andre sida ikkje like innlysande som ved andre grupper. Men også her er interessesfæren til y-argumentet involvert, sjølv om denne relasjonen er meir abstrakt enn ved f.eks. *gefa*. Etter Nygaard (1905: 107) har dativ på objektet som realiserer z-argumentet ved desse verba, utvikla seg frå indoeuropeisk instrumental kasus, og det er mogleg å identifisere eit instrumentalt innhald ved fleire av dei. Men korleis skal ein analysere dette argumentet i forhold til Dowtys proto-patients? Ved *lofa* uttrykker x-argumentet eit løfte (z-argumentet), som er i y-argumentets interesse. Likedan med dei andre verba, der produktet er ei bot, ei tillating, løn, ei nekting, eit trugsmål og eit svar. Me står her overfor produkt av den verbalhandlinga som x-argumentet utfører, altså ein type "effected object", som dermed kan tilskrivast patients-eigenskapar. Analysen av desse verba blir som i (83).

(83)

A-struktur	<i>bæta</i>	(x	y	z)
L-kasus			DAT	DAT
Inherent klassifisering		-o	+a	+a
Default		SUBJ	OBJ _θ	OBJ _θ

Som ved verb som tar dativ- og genitivobjekt, får også verba i denne gruppa to semantisk avgrensa objekt.

4.2.4 Nominativ–Akkusativ–Dativ

Den fjerde gruppa av ditransitive verb tar eit objekt i akkusativ og eitt i dativ. Eksempel på slike verb er viste i (84).²²

(84)

auka ('auke'), ausa ('ause'), blanda ('blande'), búa ('pryde'), draga ('kle'), dreifa ('smørje'), gyrða ('spenne'), hlaða ('fylle, laste'), hverfa ('kringsetje'), leggja ('dekke, kle'), setja ('setje inn'), skipa ('skipe, utstyre'), spenna ('spenne'), stökkva ('skvette, dynke, stenke'), sveipa ('sveipe, omvikle'), tjalda ('kle med teppe'), troða ('fylle'), vefja ('sveipe')

²² Det finst i tillegg til desse ei gruppe verb der akkusativobjektet har benefaktiv rolle: *afeira, affletta, afdæma, firra, fletta, halda, leynd, nema, næma, ræna, stela, svikja*. Dativleddet her kan først tilbake på IE ablativ kasus (Nygaard 1905: 122). Desse blir ikkje drøfta nærmare her.

Også ved disse verba er det eit instrumentalt innhald knytt til dativ-objektet, mens akkusativobjektet denoterer resultatet av verbalhand-linga. Parallellen til verb av *spray/load*-klassen i engelsk med midlet uttrykt som oblik funksjon, er innlysande, jf. (85).

(85)

- a. Mary loaded the truck with (the) hay.
- b. Mary sprayed the wall with (the) paint.

Dowty (1991: 588) peiker på at når *the truck/the wall* er direkte objekt impliserer desse argumenta inkrementalt tema. Det same ser ut til å vere tilfelle med verba i (84), jf. følgjande eksempel:

(86)

- a. (...) skipaði konungr hana hraustum drengjum. (Fritzner 1973/III: 335)
(...) skipa konge-NOM ho-AKK djerne menn-DAT
- b. Hann stökkvir blóði himin ok lopt þll. (Fritzner 1973/III: 594)
han-NOM skvetter blod-DAT himmel og luft all-AKK
Han skvetter all jord og himmel med blod
- c. (...) treðr hann síðan lyngvi ok mosa. (Fritzner 1973/III: 722)
(...) fyller han-AKK [= ein belg] sidan lyng-DAT og mose-DAT

I eksempla i (86) impliserer x-argumentet viljing og medvit, og vidare årsak til tilstandsending i y-argumentet. Y-argumentet impliserer i tillegg inkrementalt tema og rørsle i forhold til eit anna argument (z-argumentet). Z-argumentet har følgjande P-P-eigenskapar: Tilstandsending — i form av å bli flytt inn i y-argumentet, og kausalt påverka av x-argumentet. Y-argumentet har dermed fleire P-P-eigenskapar enn z-argumentet, og blir etter seleksjonsprinsippet [-a]. Analysen blir sjå-ande ut som i (87).

(87)

A-struktur	<i>skipa</i>	(x	y	z)
L-kasus				DAT
Inherent klassifisering		-o	-a	+a
Default		SUBJ	OBJ	OBJ _θ

4.2.5 *Nominativ–Akkusativ–Genitiv*

Ei gruppe verb som ikkje så lett lar seg karakterisere ved eit tradisjonelt sett med tematiske roller er dei i (88) (jf. Kristoffersen 1991: 55–56).

(88)

- a. eggje nokon (AKK) til noko (GEN)
eggja, fýsa, hvetja, æsa
- b. spørje/be nokon (AKK) om noko (GEN)
spyrja, fréttá, fregna, biðja
- c. krevje nokon (AKK) for noko (GEN)
beiða, krefja, kveðja, æsta

Verba i (88a) har eit x-argument med P-A-eigenskapane viljing, sansing/medvit og årsak til tilstandsending i y-argumentet (direkte påverknad); y-argumentet impliserer tilstandsending (blir eggja) som følgje av kausal påverknad frå x-argumentet. Eg vender tilbake til z-argumentet etter at eg har drøfta dei andre verba i denne klassen.

Ved verba i (88b og c) er det ikkje så enkelt å tale om noka tilstandsending. Likevel finst eit slikt element også her, ved at x-argumentet på ulike måtar (gjennom talehandlingar som *be/krevje*) forsøker å påvirke y-argumentet til å gi frå seg noko, anten ei handling, ei teneste eller meir konkrete gjenstandar. Det er altså mogleg å forsvare ei klassifisering som proto-patiens.

Z-argumentet ved alle tre gruppene i (88) denoterer ei eller anna form for mangel. (Ved *eggja* og *biðja* noko ugjort, ved *krefja* ein meir konkret mangel.) Dette er med andre ord heilt parallelt med den semantiske relasjonen til genitivobjekt ved monotransitive verb, jf. diskusjonane rundt (66)–(69) ovanfor. Analysen av verb i denne gruppa er vist i (89).

(89)

A-struktur	<i>eggja</i>	(x	y	z)
L-kasus				GEN
Inherent klassifisering		-o	-a	+a
Default		SUBJ	OBJ	OBJ \emptyset

4.2.6 Nominativ–Akkusativ–Akkusativ

For norrøne ditransitive verb som tar to objekt i akkusativ, er det vanleg å rekne det første tingobjektet som eit såkalla “indre objekt”, dvs eit argument som alt ligg i semantikken til det styrande verbet (Nygaard 1905: 89). For eksempel viser *banahogg* i (77f) ovanfor til noko som alt er spesifisert av verbet *hoggva*. Andre verb av denne typen er *ljósta* (‘slå’), *senda* (‘sende’), *slá* (‘slå’).

I utgangspunktet kan desse verba analyserast på to ulike måtar. For

det første kan dei to akkusativobjekta begge sjåast som instansieringar av funksjonen OBJ, altså primært objekt. Denne analysen kan imidlertid forkastast på teori-internt grunnlag, fordi han bryt med kravet i LFG om *function-argument biuniqueness*, jf. avsnitt 2.6 ovanfor.

Alternativt kan ein rekne med at akkusativ kasus ved dei to objekta ikkje har lik status, men istaden har henholdsvis strukturell og leksikalsk akkusativ. Ein slik analyse har ei viss empirisk forankring, i og med at bare det eine objektet, nemleg personobjektet, kan svare til subjekt i passiv (Nygaard 1905: 89), jf. følgjande setning:²³

(90)

(...) þá var hverr þeira sleginn límahögg. (HKIII 252.14–15)

(...) då blei kvar-NOM av dei slått limeslag-AKK

Analysen av *höggva* blir etter dette slik:

(91)

A-struktur	<i>höggva</i>	(x	y	z)
L-kasus				AKK
Inherent klassifisering		-o	-a	+a
Default		SUBJ	OBJ	OBJ _θ

4.2.7 *Passiv av ditransitive verb*

Ovanfor har eg presentert analysar av forholdet mellom argument og funksjonar ved 6 grupper av ditransitive verb. Desse verba finst også i passivvariantar, jf. (92) og (90).²⁴

(92)

- Heldr verðr hann oss ástsamliga gefinn. (Hom. 130.32–33)
heller blir han-NOM oss-DAT kjærleiksfullt gitt
- (Þeir eru sumir,) er lítills lánshér er lét i heimi. (Hom. 178.16)
(dei er nokon,) som lite gods-GEN her er gitt i verda
- Skálinn var allr skipaðr skjöldum. (*Norrøn ordbok*, s. 380)

²³ Dette svarar til situasjonen i tysk, jf. Zaenen et al. (1990: 128).

²⁴ Eg har dessverre ikkje funne eksempel på passiv av akkusativ+genitiv- og dativ+dativverb. Eg ser likevel ingen grunn til å rekne med at slike ikkje finst, og stiller derfor opp analyseforslag også for desse to gruppene. Legg førøvrig merke til at typene er representerte: Akkusativ+genitivverba styrer funksjonar av same type som dativ-akkusativverba (eit semantisk uavgrensa og eit semantisk avgrensa objekt); dativ+dativverba styrer funksjonar av same type som dativ-genitivverb (to semantisk avgrensa objekt).

skålen-NOM var heile skipa skjold-DAT
Heile skålen var skipa med skjold

Analysar av passiv i dei seks gruppene er viste i (93)–(98).

(93)				
A-struktur	<i>gefinn</i>	(x	y	z)
L-kasus				DAT
Inherent klassifisering		-o	+a	-a
Passiv		Ø		
Default			OBJ θ	SUBJ

(94)				
A-struktur	<i>lét</i>	(x	y	z)
L-kasus			DAT	GEN
Inherent klassifisering		-o	+a	+a
Passiv		Ø		
Default			OBJ θ	OBJ θ

(95)				
A-struktur	<i>svarat</i>	(x	y	z)
L-kasus			DAT	DAT
Inherent klassifisering		-o	+a	+a
Passiv		Ø		
Default			OBJ θ	OBJ θ

(96)				
A-struktur	<i>skipaðr</i>	(x	y	z)
L-kasus				DAT
Inherent klassifisering		-o	-a	+a
Passiv		Ø		
Default			SUBJ	OBJ θ

(97)				
A-struktur	<i>eggjaðr</i>	(x	y	z)
L-kasus				GEN
Inherent klassifisering		-o	-a	+a
Passiv		Ø		
Default			SUBJ	OBJ θ

(98)				
A-struktur	<i>sleginn</i>	(x	y	z)
L-kasus				AKK
Inherent klassifisering		-o	-a	+a
Passiv		Ø		
Default			SUBJ	OBJ θ

Etter tilordning av leksikalsk kasus til y-argument og undertrykking av det logiske subjektet (x-argumentet) har *gefinn* i (93) eitt argument som er [-a] (z-argumentet). Etter defaultprinsippet blir z-argumentet, som er [-a], knytt til SUBJ, mens y-argumentet, med leksikalsk kasus, blir OBJ θ . *lét* i (94) har to argument med leksikalsk kasus. Når x-argumentet som logisk subjekt blir undertrykt, er det ingen argument som kan bli subjekt. F-strukturen i (94) viser at dette verbet har upersonleg passiv, jf. (92b). Tilsvarende analyse gjeld for *svarat* i (95), jf. (92c). Ved *skipaðr* og *eggjaðr*, (96) og (97), er det z-argumentet som har leksikalsk kasus; x-argumentet blir som logisk subjekt undertrykt ved begge verba. Igjen står y-argumentet, som ved inherent rolleklassifisering blir [-a], og dermed den einaste subjektscandidaten. Til slutt *sleginn* (98) som har same argumentstruktur som *hoggva* (91), der z-argumentet har leksikalsk akkusativ og blir sekundært objekt, mens y-argumentet blir subjekt pga. strukturell akkusativ.

4.3 To notar: Intransitive og upersonlege verb

I det følgjande skal eg kort sjå korleis teorien handterer intransitive og upersonlege verb. Med intransitive verb meiner eg verb med eitt semantisk argument, som er knytt til subjektet til dette verbet. Eg ser bort frå toverdige intransitive verb av typen *búa*, der y-argumentet blir uttrykt ved ein oblik funksjon.

Upersonlege verb er verb som tar eitt eller fleire argument, utan at nokon av dei blir assosierte med subjektfunksjonen.

4.3.1 *Intransitive verb*

(99) viser eksempel på intransitive verb i norrønt; den tematiske relasjonen til det einaste argumentet er ulik i dei to eksempla: I (99a) er det klart proto-agens, i (99b) like klart proto-patiens.

(99)

- a. *Gizurr hljóp báðum fótum upp* (. . .). (Fritzner 1973/II: 3)
Gizurr-NOM hoppa opp med begge fõtene
- b. *Søkk hon niðr með øllum farminum*. (Fritzner 1973/III: 653)
sokk ho-NOM ned med all lasta

Etter TLA-prinsippa blir dette eine argumentet anten [-o] (99a) eller [-a] (99b). Slik predikerer teorien korrekt at i begge desse tilfella blir

det eine argumentet realisert som subjekt; i begge tilfella gir subjektspri-nsippet verdi for det manglande trekket.

4.3.2 Upersonlege verb

Norrønt har også fleire grupper upersonlege verb. Eit eksempel er vist i (100).

(100)

- a. Mik kell. (Fritzner 1973/II: 247)
eg-AKK frys

Eg reknar med at upersonlege verb har argument med leksikalsk kasus. Analysen av f.eks. *kala* blir dermed som i (101).

(101)

A-struktur	<i>kala</i>	(x)
L-kasus		AKK
Inherent klassifisering		+a
Default		OBJ θ

4.4 Objekt og objektseigenskapar

Eg har ovanfor presentert ein analyse av transitive verb i norrønt som sorterer objekt i dette språket i to hovudkategoriar, semantisk uavgrensa objekt (OBJ) og semantisk avgrensa objekt (OBJ θ). Dei to objektstypane skil seg frå kvarandre morfologisk ved at OBJ har strukturell kasus (akkusativ) mens OBJ θ har leksikalsk kasus (dativ eller genitiv). Framstillinga ovanfor skulle vise at dativ og genitiv kasus uttrykker meir spesifikke semantiske relasjonar enn det akkusativ gjør. Genitiv er det enklaste tilfellet, ved at objekt i genitiv kasus både ved monotransitive og ditransitive verb uttrykker ein mangel. Dativ kan på den andre sida realisere ulike tematiske relasjonar. Her er det særleg to relasjonar som trer tydeleg fram. Den første er knytt til proto-benefaktiv, slik denne blei presentert ovanfor (avsnitt 3.2), den andre til ulike gradar av proto-patiens.

Dativ kasus skil seg frå akkusativ ved at dativ kasusmarkering direkte uttrykker den semantiske relasjonen leddet har, i motsetnad til akkusativ kasus, som uttrykker underordning under transitivt verbal, og ikkje ein spesifiserbar semantisk relasjon (Dyvik 1986: 82). Akkusativ kasusmarkering er derfor uspesifisert med omsyn til den semantiske

relasjonen akkusativleddet har til verbet; denne relasjonen er uttrykt gjennom det styrande verbet. Dyvik (1986: 236) reknar på den andre sida med at dativ kasus ikkje er uspesifisert, men fleirtydig mellom dei ulike tydingane. Denne kategorien uttrykker i seg sjølv eit spesifiserbart innhald som rett nok varierer med konteksten ledda står i, men som etter Dyviks syn likevel kan isolerast uavhengig av det styrande verbet.

Sidan syntaktiske funksjonar i LFG blir rekna som abstraksjonar over forholdet mellom morfosyntaktiske uttrykk og tematiske relasjonar (jf. Bresnan og Moshi 1990: 166), er det rimeleg å vente at det semantiske skiljet mellom dei to objektstypene korresponderer med syntaktiske skilnader. Andrews (1985: 120) drøftar dette spørsmålet, og peiker på at

[o]bjects are generally more problematic than subjects because there are fewer grammatical processes applying exclusively to specific types of objects. It can therefore be difficult to tell whether variations in the coding features of object-like NPs reflect differences in their grammatical relations.

Kasus på objekt i norrønt er ein type "coding features", og skilnaden mellom strukturell og leksikalsk kasus trekker eit viktig skilje mellom dei to objektstypene. Me stå altså overfor spørsmålet om det finst syntaktiske skilnader mellom akkusativobjekt på den eine sida og dativ- og genitivobjekt på den andre sida. Den einaste kjende skilnaden mellom desse to objektstypene har eg alt vore inne på. Denne er knytt til passiv: OBJ men ikkje OBJ θ kan svare til subjekt i passiv. Ei aktivsetning som inneheld OBJ, korresponderer dermed med ei personleg aktivsetning, medan ei aktivsetning som inneheld OBJ θ men ikkje OBJ, svarar til ei upersonleg passivsetning. (102) og (103) illustrerer dei relevante skilnadene.

(102)

- a. Finnr Árnason drap þegar Þorstein. (HKII 493.19–20)
- b. (...) at maðrinn sé eigi drepinn. (HKII 253.16–17)

(103)

- a. Hon fagnaði vel skáldnum. (HKII 166.5)
- b. Var þeim þar vel fagnat. (HKII 107.7–8)

Som vist ovanfor, følgjer denne skilnaden mellom OBJ og OBJ θ av at

argument med leksikalsk kasus er [+a] og dermed ikkje kan bli subjekt, medan (patiens-liknande) argument utan leksikalsk kasus er [-a] og kan anten bli subjekt eller objekt.

5 Ein alternativ analyse av islandsk og tysk:

Zaenen et al. 1990

Objektsystema i islandsk og tysk er analyserte i ei LFG-ramme av Zaenen et al. (1990). Analysen deira har mange fellesdrag med analysen som er presentert ovanfor: Han gjør greie for skilnader som gjeld passiv i dei to språka med utgangspunkt i eit system av assosieringsprinsipp for tematiske roller og syntaktiske funksjonar. Vidare bygger analysen deira på direkte assosiering mellom leksikalsk kasus og tematiske roller, tilsvarande det som er gjort ovanfor.

Syntaktiske funksjonar er ordna etter hierarkiet i (104),²⁵ og blir assosierte med tematiske roller etter dei universelle prinsippa i (105).

(104) Hierarki av syntaktiske funksjonar

SUBJ > OBJ > 2OBJ

(105) Universelle assosieringsprinsipp (Zaenen et al. 1990: 117)

- a. If there is only one thematic role, it is assigned to SUBJ; if there are two, they are assigned to SUBJ and OBJ; if there are three, they are assigned to SUBJ, OBJ and 2OBJ.
- b. Agents are linked to SUBJ.
- c. Default case marking: the highest available G[rammatical] F[unction] is assigned NOM case, the next highest, ACC.

I tillegg stiller dei opp to språkspesifikke assosieringsprinsipp, eitt for islandsk og eitt for tysk; desse er viste i (106)–(107).

(106) Språkspesifikt assosieringsprinsipp — islandsk (Zaenen et al. 1990: 117)

Case-marked Themes are assigned the lowest available GF

(107) Språkspesifikt assosieringsprinsipp — tysk (Zaenen et al. 1990: 128)

Case-marked thematic roles are assigned to 2OBJ

²⁵ Den viktigaste skilnaden mellom OBJ og 2OBJ er at bare det første kan bli subjekt i passiv. 2OBJ er ekvivalent med OBJ θ i vår analyse av norrønt, men skil seg frå dette ved å bli rekna som ein semantisk uavgrensa funksjon. (Sjå Levin (1987: 4) for ei drøfting av dette.)

Det islandske prinsippet i (106) bind eit temaargument med leksikalsk kasus til den lågast tilgjengelege funksjonen i (104). Som illustrasjon kan me sjå på det ditransitive verbet *skila*, jf. (108), med to dativobjekt, eitt som realiserer tema (*peningunum*) og eitt som realiserer benefaktiv (*henni*).

(108)

- a. Ég skilaði henni peningunum.
eg-NOM returnerte henne-DAT pengene-DAT
Eg leverte pengene tilbake til henne
- b. Henni var skilað peningunum.
ho-DAT (SUBJEKT) blei returnert pengene-DAT
Ho blei levert tilbake pengene
- c. *Peningunum var skilað henni.

skila har tre argument, agentiv, benefaktiv og tema. Det agentive argumentet i aktivsetninga (108a) blir assosiert med funksjonen SUBJ (jf. (105b)), mens temaargumentet, *peningunum*, ifølgje (106) blir assosiert med funksjonen 2OBJ, som er den lågaste tilgjengelege funksjonen, fordi det er eit tema med leksikalsk dativ. Det benefaktive argumentet, *henni*, som også har leksikalsk kasus, blir assosiert med funksjonen OBJ på grunnlag av (105a). Sidan bare OBJ, og ikkje 2OBJ, kan bli subjekt i passiv i deira analyse, gjør assosieringsprinsippa (105)–(106) greie for passivering ved *skila*. Også ved dei andre gruppene av transitive verb gjør denne analysen tilfredsstillande greie for forholdet mellom aktiv og passiv.

Tysk skil seg i analysen til Zaenen et al. (1990) frå islandsk ved at alle tematiske roller med leksikalsk kasus, ikkje bare tema-roller, blir assosierte med funksjonen 2OBJ, jf. (107). Alle objekt i tysk med dativ eller genitiv kasus får med andre ord funksjonen 2OBJ. Sidan 2OBJ ikkje kan bli passivsubjekt, svarar tyske aktivsetningar med akkusativobjekt til personleg passiv, mens dei med dativ- eller genitivobjekt svarar til upersonleg passiv, jf. kontrasten i (109) ved dativ verbet *helfen*:

(109)

- a. Wir halfen ihm.
Me hjalppte han (DAT)
- b. Ihm wurde geholfen.
Han blei hjelpt

Denne analysen predikerer at tysk ikkje kan ha verb som tar to objekt med leksikalsk kasus. Grunnen til dette er at slike verb ville ha vore subkategoriserte for to 2OBJ, som ville ha representert eit brot på kravet om ein-til-ein-forhold mellom rolle og funksjon. Som det går fram av avsnitt 1.3 har ditransitive verb i tysk bare kombinasjonane dativ + akkusativ, akkusativ + genitiv og akkusativ + akkusativ. Dette gjør analysen til Zaenen et al. (1990) greie for utan problem.

Mens analysen til Zaenen et al. (1990) gjør greie for skilnader i leksikalsk assosiering mellom islandsk og tysk, møter han problem med tilsvarende data i norrønt. Det islandske prinsippet (106) predikerer feilaktig at objekt med leksikalsk kasus i norrønt kan bli subjekt i passiv, fordi "the lowest available GF" ikkje alltid er 2OBJ, men også kan vere OBJ; (108b) er eit islandsk eksempel på dette. Som eg har vist ovanfor, stemmer ikkje dette for norrønt.

Også det tyske assosieringsprinsippet (107) predikerer feil om norrønt, fordi det slår fast at alle objekt med leksikalsk kasus er 2OBJ. Her er det dei ditransitive verba som er problematiske. For eksempel, det norrøne verbet *synja* deler ut rollene agentiv, benefaktiv og tema, med leksikalsk kasus på begge objekta. Etter (107) skal *synja* ha to 2OBJ; dette gir korrekt resultat med omsyn til passiv — *synja* tar upersonleg passiv. På den andre sida bryt ein slik analyse med kravet om ein-til-ein-forhold mellom rolle og funksjon (sjå avsnitt 2.6 ovanfor).

Problemet med dei tyske prinsippa i forhold til norrønt er altså knytt til funksjonen 2OBJ. I dette arbeidet har eg presentert eit alternativ som gir korrekt resultat for passiv i norrønt, og som også vil gjøre greie for islandsk og tysk, gitt ei omformulering til TLA av det teoretiske apparatet i Zaenen et al. (1990). Dei relevante komponentane i TLA er repeterte som (110)–(112).

(110)

- a. Viss ein deltakar har fleire patiensegenskapar enn agensegenskapar, blir den merka [-a].
- b. Viss ein deltakar har fleire agensegenskapar enn patiensegenskapar, blir den merka [-o].
- c. Viss ein deltakar har ein interessesfære som er relevant for ein annan deltakar, blir den merka [-a].

(111)

- (i) Ordne deltakarane på følgjande måte etter inherent klassifisering:
-o < -a < +o < +a.

- (ii) Ordne dei syntaktiske funksjonane på følgjande måte:
 SUBJ < OBJ < OBJ_θ (< OBL).
- (iii) Assosier frå venstre kvar deltakar med ein syntaktisk funksjon som er kompatibel med denne.

(112)

Argument med leksikalsk kasus er [+a].

Islandsk skil seg som nemnt frå norrønt og tysk ved ikkje å ha nokon spesiell samankopling mellom leksikalsk kasus og semantisk avgrensa funksjonar; islandsk manglar med andre ord prinsipp (112). I utgangspunktet kan me då anta at leksikalsk assosiering i islandsk går etter (110) og (111). Dette stemmer for dei monotransitive verba, jf. (12) ovanfor. For distransitive verb i moderne islandsk er imidlertid ikkje situasjonen like enkel; eit relevant eksempel er verbet *skila*, jf. (108a). Her vil det agentive argumentet vere [-o] etter (110b), og SUBJ etter (111); det benefaktive dativargumentet (*henni*) blir [-a] etter (110c), og OBJ etter (111). Problemet oppstår ved det andre dativargumentet, som med sine klare patienssegenskapar burde bli [-a] etter (100a). Ei slik klassifisering gir tilordning til ein av funksjonane SUBJ eller OBJ. Ingen av desse funksjonane er imidlertid reelle alternativ, sidan begge ville ha medført brot på FAB (jf. avsnitt 2.6), prinsippet som skal hindre ein og same (semantisk uavgrensa) funksjon i å realisere meir enn ei rolle i ein argumentstruktur.

Ei interessant, TLA-basert løysing på dette problemet er ASYMMETRI-PARAMETEREN, lansert av Bresnan og Moshi (1990). Asymmetriparameteren skil mellom symmetriske og asymmetriske språk. I asymmetriske språk kan ikkje meir enn eitt internt argument til eit predikat vere [-a], mens i symmetriske språk kan dette vere tilfelle.²⁶ Viss me antar at islandsk er eit asymmetrisk språk, og dermed bare kan ha eitt [-a] argument for kvart predikat, kan også ditransitive verb gjørast greie for. Det andre dativargumentet ved *skila* (*peningu-*

²⁶ Det underliggende motivet for å postulere asymmetriparameteren er at dei språka Bresnan og Moshi (1990) har sett på, skil seg frå kvarandre når det gjeld syntaktiske eigenskapar ved objekt til ditransitive verb. Dei aktuelle eigenskapane er passivering, objektsmarkering på verbet, stryking av uspesifisert objekt, resiprokalisering, og dessutan ulike kombinasjonar av desse. I symmetriske språk har begge objekta til ditransitive verb desse eigenskapane, i asymmetriske gjeld dette bare eitt av objekta. Ved hjelp av denne parameteren i kombinasjon med andre grunnleggande prinsipp i TLA gjør Bresnan og Moshi greie for symmetrisk og asymmetrisk fordeling av objektsegenskapar i tre ulike bantuspråk. Videre analyserer Alsina (1992) kausativkonstruksjonar i bantu-språket chichewa ved hjelp av parameteren.

num, jf. (108)) har patiens-eigenskapar, men kan ikkje bli [-a], fordi det første dativargumentet er [-a], og islandsk er eit asymmetrisk språk. Alternativ klassifisering for eit internt patiensargument i TLA er [+o], jf. (27) ovanfor.

F-strukturen til *skila* i (108) kan nå stillast opp som i (113).

(113)				
A-struktur	<i>skila</i>	(x	y	z)
L-kasus			DAT	DAT
Inherent klassifisering		-o	-a	-a/+o
Asymmetriparameteren		+o		
Default		SUBJ	OBJ	OBJ _θ

Norrønt og tysk er på den andre sida ulikt moderne islandsk ved at prinsipp (112) gjeld. Her vil alle argument med leksikalsk kasus bli sekundære objekt. Dei kan dermed heller ikkje bli subjekt i passiv. Dette er i samsvar med dei faktiske forholda.

6 Sluttord

Eg har i dette arbeidet argumentert for å sortere norrøne objekt i to hovudgrupper, semantisk uavgrensa objekt, OBJ, med akkusativ kasus, og semantisk avgrensa objekt, OBJ_θ, med dativ eller genitiv kasus. Dette skiljet svarer til den tradisjonelle inndelinga i objekt som kan og objekt som ikkje kan bli subjekt i passiv. Eg har vidare vist at den analysen som er presentert for norrønt også gjør greie for forholdet mellom aktiv og passiv i islandsk og tysk.

Inndelinga i OBJ og OBJ_θ er gjort med utgangspunkt i teorien om leksikalsk assosiering (TLA), som bygger eit slikt skilje mellom anna på regelmessige samband mellom tematiske roller og syntaktiske funksjonar. Men eit viktig spørsmål står framleis utan svar: Er det samsvar mellom termane “uavgrensa” og “avgrensa”, og dei aspekta ved norrøn syntaks som er relevante for denne distinksjonen? Etter mitt syn er svaret ja. Ein semantisk uavgrensa funksjon er ein funksjon som i prinsippet kan realisere fleire ulike tematiske roller, og dessutan vere atematisk (dvs. ikkje realisere noka rolle i det heile). Både SUBJ og OBJ har desse eigenskapane. Viss me held oss til tradisjonelle rolle-nemningar, ser me at i (114) uttrykker SUBJ agentiv (114a), perseptiv (114b) og objektiv (114c), mens OBJ uttrykker tema (114a–b) og perseptiv (114d).

(114)

- a. Þá skar Rognvaldr jarl hár hans. (HKI 130.11)
- b. Hér sér engi maðr okkar samvist. (BJS 80.36–37)
Her ser ingen mann-NOM vårt samvære-AKK
- c. Magnús konungr andaðisk. (HKIII 123.1)
Magnus konge-NOM døde
- d. Lærðir menn hræða oss við helvíti (...). (Hom. 212.25–26)
Lærde menn-NOM skremmer oss-DAT med helvete

At disse funksjonane også kan vere atematiske, ser me av følgjande setningar med nominativ og akkusativ med infinitiv, der subjektet i (115a) og objektet i (115b) ikkje ber nokon tematisk relasjon til det overordna verbet:

(115)

- a. Þótti honum hon vel hafa gørt. (Nygaard 1905: 156)
syntest han-DAT ho-NOM (atematisk SUBJ) vel å gjort
Det syntest for han som ho hadde gjort vel.
- b. Opt hefi ek heyrt yðr þat mæla. (Nygaard 1905: 233)
ofte har eg høyrt dykk-AKK (atematisk OBJ) det seie

Ved semantisk avgrensa funksjonar er det eit nærmare samband mellom ein bestemt tematisk relasjon og den funksjonen som realiserer ho, ved at det er eit ein-til-ein-forhold mellom ein bestemt funksjon, f.eks. OBJ_{BEN} og benefaktiv rolle. Ein semantisk avgrensa funksjon kan av same grunn heller ikkje vere atematisk, fordi funksjonen føreset den tematiske rolla han er assosiert med. Spørsmålet er om dette er tilfellet med dei NP-ane eg har analysert som OBJ_Ø ovanfor.

Den enklaste kategorien er genitivobjekt, som ser ut til å realisere ein relasjon, assosiert med omgrepet mangel. Verb som tar dativobjekt, skapar på den andre sida problem, fordi denne kategorien, som eg tidligare har peikt på, kan sjåast som fleirtydig, og dermed i ein viss forstand er parallell med akkusativ. Men her er det også viktig å hugse på at dativ kasus skil seg frå akkusativ ved at dativ direkte uttrykker den semantiske relasjonen (benefaktiv, instrument, osv.) leddet har, i motsetnad til akkusativ kasus, som uttrykker underordning under transitivt verbal, og ikkje ein spesifiserbar semantisk relasjon (Dyvik 1986: 82). Akkusativ kasusmarkering er derfor uspesifisert med omsyn til den semantiske relasjonen akkusativleddet har til verbet; denne relasjonen er uttrykt gjennom det styrande verbet. Forholdet er illustrert i kontrasten mellom (114a, b) og (114d): I dei to første setningane

realiserer OBJ tema, i den siste perseptiv. I kvart tilfelle er det dei styrande verba, og ikkje akkusativ kasus, som bidrar med denne informasjonen.

Som nemnt uttrykker dativ kasus i seg sjølv eit spesifiserbart innhald som rett nok varierer med konteksten ledda står i, men som likevel kan isolerast uavhengig av det styrande verbet. Ut frå dette ser det ut til at skiljet mellom OBJ og OBJ_Ø som er trekt i dette arbeidet, svarar til relevante aspekt av norrøn morfologi, syntaks og semantikk.

Kjelder

a. Primære kjelder

BJS: *Barlaams ok Josaphats saga*; Utgåve ved Magnus Rindal. Oslo 1981.

HKI-III: *Heimskringla*, bd. I-III; Utgåve ved Finnur Jónsson. København 1893-1900.

Hom.: *Gamal norsk homiliebok*; Utgåve ved Gustav Indrebø. Oslo 1966.

b. Sekundære kjelder

Fritzner 1973/I-III. Fritzner, J. 1973. *Ordbog over det gamle norske sprog*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hanssen m. fl. 1976. Hanssen, E., E. Mundal og K. Skadberg: *Norrøn grammatikk*. Oslo 1976.

Hreinn Benediktsson 1980. Benediktsson, Hreinn. 1980. The Old Norse passive: Some observations. E. Hovdhaugen (red.): *The Nordic languages and modern linguistics*. Oslo: Universitetsforlaget.

Norrøn Ordbok. Utgåve ved Leiv Heggstad, Finn Hødnebo, Erik Simensen. 4. utgåve. Oslo 1990.

Nygaard 1905. Nygaard, M. 1905. *Norrøn syntax*. Kristiania: Aschehoug (W. Nygaard).

Litteratur

Alsina, A. 1992. On the argument structure of causatives. *Linguistic Inquiry* 23:517-555.

Alsina, A. 1996. *The role of argument structure in grammar. Evidence from Romance*. Stanford, Ca.: CSLI Publications.

Anderson, S.R. 1992. *A-morphous morphology*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.

- Andrews, A.D. 1985. The major functions of the noun phrase. Shopen, T. (red.): *Language typology and syntactic description*. Bd. 1: *Clause structure*, s. 62–154. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Askedal, J.O. 1976. *Innføring i tysk grammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bresnan, J. 1982a. (red.). *The mental representation of grammatical relations*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Bresnan, J. 1982b. Control and complementation. Bresnan 1982a:282–390.
- Bresnan, J. 1994. Locative inversion and the architecture of Universal Grammar. *Language* 63:72–131.
- Bresnan, J. og J. Kanerva. 1992. Locative inversion in Chichewa: A case study of factorization in grammar. T. Stowell og E. Wehrli (red.): *Syntax and the lexicon*. *Syntax and semantics* 26, s. 53–101. San Diego: Academic Press.
- Bresnan, J. og L. Moshi. 1990. Object asymmetries in comparative Bantu syntax. *Linguistic Inquiry* 21:147–185.
- Bresnan, J. og A. Zaenen. 1990. Deep unaccusativity in LFG. K. Dziwirek, P. Farrell, E. Mejías-Bikandi (red.): *Grammatical relations. A cross-theoretical perspective*, s. 45–57. Stanford: CSLI.
- Dalrymple, M., R. M. Kaplan, J. T. Maxwell III og A. Zaenen (red.) 1995. *Formal issues in Lexical-Functional Grammar*. Stanford: CSLI Publications.
- Dowty, D. 1979. *Word meaning and Montague Grammar*. Dordrecht: Reidel.
- Dowty, D. 1989. On the semantic content of the notion of 'thematic role'. Chierchia, G., B.H. Partee og R. Turner. (red.). *Properties, types and meaning*. II: *Semantic Issues*, s. 69–129. Dordrecht: Kluwer.
- Dowty, D. 1991. Thematic proto-roles and argument selection. *Language* 67:547–619.
- Dyvik, H. 1986. *Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Faarlund, J.T. 1990. *Syntactic change. Toward a theory of historical syntax*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Gruber, J.S. 1976. *Lexical structures in syntax and semantics*. Amsterdam: North-Holland Publishing Company.
- Holmberg, A. og C. Platzack. 1995. *The role of inflection in Scandinavian syntax*. New York: Oxford University Press.
- Jackendoff, R. 1972. *Semantic interpretation in generative grammar*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Jackendoff, R. 1987. The status of thematic relations in linguistic theory. *Linguistic Inquiry* 18:369–411.
- Keach, C.N. og Rochemont, M.S. 1993. Asymmetry in symmetrical object languages: A problem for LFG? *Working papers in linguistics* 18: 86–92. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Kristoffersen, K.E. 1991. Kasus, semantiske roller og grammatiske funksjonar i norrønt. Magistergradsavhandling. INL, Universitetet i Oslo. [Opptrykk, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo, 1994.]
- Kristoffersen, K.E. 1994. Passiv i norrønt og nyislandsk — ei samanlikning. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 12:43–68.

- Kristoffersen, K.E. 1996. *Infinitival phrases in Old Norse. Aspects of their syntax and semantics*. Upublisert doktoravhandling, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Levin, B. og M. Rappaport Hovav. 1995. *Unaccusativity*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Levin, L. 1987. *Toward a linking theory of relation changing rules in LFG*. Stanford: CSLI.
- Lødrup, H. 1995. The realization of benefactives in Norwegian. *Proceedings of CLS*, bd. 31, Chicago: Chicago Linguistic Society.
- Mørck, E. 1992. Subjektets kasus i norrønt og mellomnorsk. *Arkiv för nordisk filologi* 107: 53–99.
- Nygaard, M. 1905. *Norrøn syntax*. Kristiania: Aschehoug (W. Nygaard).
- Pinker, S. 1989. *Learnability and cognition*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Rögnvaldsson, Eiríkur. 1991. Quirky subjects in Old Icelandic. Sigurðsson, Halldór Á. (red.): *Papers from the twelfth Scandinavian conference of linguistics*. Reykjavík: Háskóli Íslands.
- Reis, M. 1982. Zum Subjektbegriff im Deutschen. W. Abraham (red.): *Satzglieder im Deutschen*. Tübingen: Narr.
- Schachter, P. 1992. Comments on Bresnan and Kanerva's 'Locative inversion in Chichewa: A case study of factorization in grammar'. T. Stowell og E. Wehrli (red.): *Syntax and the lexicon. Syntax and semantics* 26, s. 103–110. San Diego: Academic Press.
- Sigurðsson, Halldór Á. 1989. *Verbal syntax and case in Icelandic*. Doktoravhandling. Lund: Lunds universitet. [Optrykk 1992, Háskóli Íslands, Reykjavík.]
- Tenny, C. 1994. *Aspectual roles and the syntax-semantics interface*. Dordrecht: Kluwer.
- Tonne, I. 1993. *Scales and participants. University of Trondheim working papers in linguistics* 15. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Tonne, I. 1994. Scales and participants. Allwood, J., B. Ralph, P. Andersson, D. Kós-Dienes og Å. Wengelin (red.): *Proceedings of the XIVth Scandinavian conference of linguistics and the VIIIth conference of Nordic and general linguistics August 16–21 1993. Gothenburg papers in theoretical linguistics* 69. Göteborg: Göteborgs universitet.
- Yip, M., Maling, J. og Jackendoff, R. 1987. Case in tiers. *Language* 63: 217–250.
- Zaenen, A. 1994. Unaccusativity in Dutch: An integrated approach. J. Pustejovsky (red.): *Semantics and the Lexicon*. Dordrecht: Kluwer.
- Zaenen, A., J. Maling og Höskuldur Thráinsson. 1990. Case and grammatical functions: The Icelandic passive. Maling, J. og A. Zaenen (red.): *Modern Icelandic syntax. Syntax and semantics* 24, s. 95–136. San Diego: Academic Press.